

# MED KALL FRÅ GUD OG KYRKJA

**Ein studie av biskopars ordinasjonstalar, kva dei seier om identiteten og oppdraget åt prestetenesta, og korleis dette representerer teologiske logikkar om prestetenesta i dag**

**Irmelin Grimstad Bonden**

Rettleiar

Førsteamanuensis Fredrik Saxegaard

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,

AVH8020: Masteroppgåve i praktisk teologi (60 ECTS), haust 2022

Tal på ord: 27881



## Forord

Først må eg takke dei tre biskopane som så velvillig stilte sine ordinasjonstaler til disposisjon. Utan det hadde dette prosjektet vore umogleg. Det har vore både spennande og utfordrande å dukke ned i ordinasjonstalane. Spennande fordi det har gitt meg ei rik moglegheit til refleksjon og fordjuping om ordinasjon og pastoralteologi. Etter 25 år i presteteneste er referansepunkt til praktisk teologisk verkelegheit i dette materialet er mange. Så dette har vore svært nyttig og inspirerande.

Samstundes har eg kjent på utfordingane ved å vere forskar, og det å finne ut av metodene for det. Det har vore ei bratt læringskurve. Eg vil takke min gode og tålmodige rettleiar, Fredrik Saxegaard, for all mogleg hjelpe og støtte. Det har vore avgjerande for meg.

Eg vil også takke minekollegaer og staben der eg arbeider, fordi eg har fått vore oppslukt i dette så lenge. Eg veit at det har gjort at anna arbeid har måtte blitt sett på vent.

Til sist, og ikkje minst, ei stor takk til den personen som står meg nærmast, for medkjensle, oppmuntring og næring, og for gode diskusjonar og faglege innspel.

## **Samandrag**

I denne oppgåva har eg analysert ordinasjonstalar frå tre biskopar i Den norske kyrkja for å undersøkje kva dei seier om identiteten og oppdraget å prestetenesta. Vidare har eg vist korleis talene representerer teologiske logikkar om prestetenesta i dag.

I analysen har eg hatt ei hermeneutisk tilnærming til tekstene, og eg har brukt temaanalyse som metode for systematisk gjennomgang av manuskripta. Eg har fokusert på argumentasjonar om ordinasjonen, om ordinanden, på relasjonane i prestetenesta, og på presteroller. Eg teikna så opp tre presteskisser for å oppsummere logikken eg fann hjå dei tre biskopane, utan å påstå at dette er den enkelte biskops pastoralteologi. I lys av aktuelle diskusjonar kring ordinasjonsteologi, pastoralteologi og ekklesiologi har eg til sist drøfta teologien i skissene. Hovudfunna er at det finst distinkte skilnader mellom biskopars teologiske argumentasjon kring prestars identitet og oppdrag, sjølv om presten som forvaltar av ord og sakrament er ein fellesnemnar for alle tre i denne studien.

# Innhaldsliste

1.	Innleiing .....	1
1.1	Tema og bakgrunn .....	1
1.2	Ordinasjonstalen og ordinasjonsritualet .....	2
1.3	Forskingsoversikt.....	2
1.4	Teori.....	4
1.4.1	Aktuelle ordinasjonsteologiske diskusjonar.....	4
1.4.2	Aktuelle pastoralteologiske roller .....	7
1.4.3	Aktuelle ekklesiologiske modellar .....	8
1.5	Design .....	10
1.6	Fagleg plassering og avgrensning.....	11
1.7	Eiga forskarrolle .....	12
1.8	Disposition .....	12
2.	Metode.....	13
2.1	Utvål og innsamling av materiale .....	13
2.2	Metodar for analyse .....	15
2.2.1	Seks hermeneutiske steg.....	16
2.2.2	Tematisk analyse .....	17
2.3	Kvalitet og etikk .....	18
3.	Analyse.....	19
3.1	Introduksjon til talekorpuset .....	20
3.1.1	Kontekst, språk og retorikk .....	20
3.1.2	Referansar til andre kjelder .....	23
3.2	Ordinasjonen som liturgisk handling.....	28
3.2.1	Ei avgjerande hending.....	29

3.2.2	Stadfesting av kallet .....	30
3.2.3	Identitet som forpliktar.....	31
3.3	Ordinanden .....	34
3.3.1	Personen og kallet .....	34
3.3.2	Rekruttering.....	35
3.3.3	Prestens tru og teologi .....	36
3.4	Relasjonane i prestetenesta.....	38
3.4.1	Presten, kyrkja og samfunnet .....	38
3.4.2	Presten og medarbeidarane.....	42
3.5	Presterolla .....	43
3.5.1	Å få ei rolle, og fylle ei rolle .....	44
3.5.2	Presten som representant for evangeliet og kyrkja.....	45
3.5.3	Presten som strategisk leiar .....	46
3.5.4	Presten som hjelpar og medvandrar .....	48
3.6	Presten sine oppgåver .....	50
3.6.1	Tenesta med ord og sakrament.....	50
3.6.2	Diakonale perspektiv på tenesta.....	54
3.7	Oppsummering .....	56
4.	Diskusjon.....	56
4.1	Presteskisser og pastoralteologiske logikkar .....	57
4.1.1	Presteskisse A: Prestetenesta som identitet.....	57
4.1.2	Presteskisse B: Prestetenesta som funksjon ved kyrkjelyden .....	58
4.1.3	Prestekisse C: Prestetenesta som rolle og person.....	60
4.2	Diskusjonar i tre kontekstar .....	62
4.2.1	Presteskissene og aktuelle embets- og ordinasjonsteologiske diskusjonar .....	62
	<i>Spenninga mellom «the many and the few» .....</i>	62

<i>Spenninga mellom «functional and sacramental models of ministry».....</i>	63
<i>Spenninga mellom «themes of office and gift».....</i>	65
<i>Spenninga mellom «models of ambassador and servant». .....</i>	66
4.2.2    Presteskissene og aktuelle pastoralteologiske roller .....	69
4.2.3    Presteskissene og aktuelle ekklesiologiske modellar .....	72
4.3    Konklusjon.....	74
5.    Bibliografi .....	76

PS: Klikk på tabellen for valg om å oppdatere den.

# 1. Innleiing

## 1.1 Tema og bakgrunn

Denne oppgåva vil gi eit bidrag til diskusjonen om identiteten og oppdraget åt prestetenesta, gjennom å analysere eit utval ordinasjonstaler frå tre biskopar i Den norske kyrkje. Ordinasjonstaler er relevante tekstar for oppgåva sitt tema, sidan biskopane har læreansvar i kyrkja, leiar prestetenesta, og forvaltar kyrkja si myndigkeit til å kalle og vigsle prestar.

Motivasjonen min til denne studien er erfaringa av at presterolla er fleirfaldig og blir tolka ulikt i kyrkja. Eg merkar usikkerheit både blant prestar og i elles kyrkja, om korleis ein skal forstå vigsling og den særskilte tenesta. Det gjorde at eg ville studere dette nærare.

Fleire faktorar og utviklingstrekk er aktuelle bakteppe. Spørsmålet om prestens identitet og oppdrag har ikkje minst sin bakgrunn i erfaringane frå reformarbeid i kyrkja dei seinare åra. Det har synleggjort behov for avklaringar omkring ansvar og roller, og aktualisert diskusjonar om tenesteteologi og vigsling. Kyrklelege tilsette har blitt meir spesialiserte i ulike fagområder, samstundes er det forventingar lokalt om at presten skal bidra med teologisk kompetanse og , og skape retning og samanheng i kyrkjelydsarbeidet. Mellom anna vart dette tydeleg i arbeidet med innføringa av trusopplæringsreforma. Ulla Schmidt skriv i ein KIFO rapport 2012:2 om stillingar, kompetanse og samarbeid i trusopplæringa;

Ikke minst kan det se ut til at prestene sikrer reformen helt nødvendig kompetanse i teologi og kristendomskunnskap, kompetanse som ikke er tilstrekkelig dekket gjennom de finansierte stillingene (Schmidt, 2012, s. 26).

Dette illustrerer korleis prestars teologiske kompetanse og leiing bidreg til samanheng og retning i arbeidet.

Denne avhandlinga vedkjem også ekklesiologien, og bidreg til å synleggjere korleis kyrkjesyn pregar forståinga av kva som er prestens rolle i kyrkja. Vedtaket om ny kyrklege organisering hausten 2022, ga inga avklaring om prestetenesta som pastoralt og fagleg leiarskap. Forståinga av strukturane og ordningane spriker framleis i den kyrkja der prestar skal finne si rolle.

Vidare utfordrar sekulariseringa kyrkja og presten til å nytenke sin identitet og sitt oppdrag. Skiljet mellom kyrkje og stat gir nye utfordringar i det å vere synlege i det offentlege rom, og i folk sine liv. Prestetenesta opererer i rammene av eit samfunn der autoritet og tillit i mindre grad følgjer institusjonar og posisjonar, og i større grad er noko kvar enkelt må gjere seg fortent til.

Rekrutteringsutfordringar gjer at kompetanse- og kvalifikasjonskrava for prestetenesta er under debatt, og det utfordrar også prestens identitet. Stillingar står ubesette over lang tid. Det er få søkerar på stillingar og for få som vil studere til prest. Framleis vert personar kalla og vigsla til prest. Mange av dei er godt vaksne som blir prestar som andre-karriere i livet sitt, slik manuskripta i denne studien også viser.

Til sist har eit nytt arbeids- og fritidsreglement gitt prestane eit tydelegare skilje mellom arbeid og fritid, men også mindre autonomi. Dette kan påverke prestars identitet og rolleforståing.

## 1.2 *Ordinasjonstalen og ordinasjonsritualet*

Ordinasjonstalene eignar seg godt som materiale til denne studien, fordi det er tekster som alle biskopar stadig formildar. Vidare er dei skrivne til ein tydeleg kontekst for prestetenesta, og adressert særskilt til komande prestar.

Ei ordinasjonstale er ei helsing frå biskopen til ordinanden. Den står i ein større heilskap av liturgi, salmar, kyrkjerom og forsamlinga som er der for å delta i hendinga. Talen kjem rett før ordinanden går fram til altarringen. Deretter følgjer *Formaning og lovnad*, og så *Handspålegging og bøn*. Ordinanden held dagens preike. Ritualet har karakter av rettleiing og formaning, og av å skulle sette mot i ordinanden. Dette preget vil ein kunne forvente også av talene. Eg kjem attende til det konkrete tekstkorpuset for studien i metodekapittelet.

## 1.3 *Forskingsoversikt*

Eg vil her gi ei kort skisse over teoretiske diskusjonar og tema som problemstillinga mi tangerer. I neste avsnitt vil eg gjere greie for dei teoriperspektiva som eg i særleg grad vil nytte i diskusjonen. Fordi materialet i oppgåva er teologiske tekstar, er det ikkje utan vidare enkelt å avgjere om ein skal presentere litteraturen i forskingsoversikta eller teorikapittelet.

Spørsmålet om kva rolle og ansvar presten skal ha i kyrkja finst det mykje forsking på. Både empiriske studiar av kyrkjelege praksisar, og teoriar om pastoralteologiske tema. Derimot finst det svært lite forsking på ordinasjonstalar spesielt. I denne studien må eg difor lene meg på meir generelle teoriperspektiv på prestetenesta.

Ei bok som likevel bør nemnast er *Kravet og kraften* (Smemo & Red. Kopperud, 1978), ei samling av ordinasjonstalar frå biskop Johannes Smemo.

Dere hører kjære ordinander, til en teologgenerasjon som blir stadig oppfordret til å vende interessen mot verden i stedet for mot himmelen og å hjelpe mennesker å leve istedenfor å dø. Det er ikke mye jeg er mer spent på enn hva den nye presteslekten vil svare på denne oppfordringen.» (1978, s. 72)

Kopperud trekk fram dette presteidealet som illustrerande for biskop Smemo. Eit aktuelt spørsmål i mi oppgåve er om biskopar i dag teiknar bilder av prestetenesta med ei liknande motsetning, og kva andre tema som vært løfta fram.

I artikkelen *Person og prestetjeneste* i *Tidsskrift for praktisk teologi* 2/2016 skriv forskarane Kaufman, Felter og Gaarden om «Persondimensjonens betydning for prestens profesjonsutøvelse» (Kaufman, Felter, & Gaarden, 2016). Eg les artikkelen som ei skisse til ein empirisk pastoralteologi, som markerer eit oppbrot med Smemos tradisjon. Med tre ulike tilnærmingar til spørsmålet om person og presteteneste har dei forska på: «(1) menighetens ønske om en autentisk prest, (2) prestens spiritualitet og (3) prestens forståelse av embetet som kall» (Kaufman, Felter, & Gaarden, 2016, s. 57). Gaarden (1), Kaufman (2) og Felter (3) er samde om at prestens person og funksjon i praksis ikkje kan skiljast (s. 50). Dei peikar på at yrket er ein integrert del av presten sin identitet, og at dette ligg som ei forventing både hjå presten og hjå dei ho møter i si teneste.

I denne oppgåva spør eg om biskopane sine ordinasjonstalar representerer dei same ideaala og logikkane. Analysen av ordinasjonstalene synleggjer også denne samanhengen mellom person og profesjon, der personlege erfaringar og eigenskapar blir sett på som ressursar, og ikkje motsetnader til den rolla som skal fyllast.

Embetsteologiske bidrag kunne ha vore inkludert her, både i forskingsoversikta og i teoriavsnittet, men eg har valt å avgrense oppgåva frå det, fordi dette temaet i snever forstand ikkje er særleg framtredande i manuskripta. Derimot blir dei embetsteologiske tema godt dekt i diskusjonen omkring ordinasjonsteologi og pastoralteologi.

## 1.4 Teori

Grunngjevinga mi for å analysere ordinasjonstalene er ei breiare interesse for korleis teologi om prestetenesta i dag kjem til uttrykk. Gjennom analysearbeidet har nokre teologiske tema vist seg særleg viktige for fortolkinga av prestens identitet og oppdrag. Eg har valt meg ut nokre titlar og diskusjonar frå tre av desse. Diskusjonar frå ordinasjonsteologi, pastoralteologiske posisjonar og ekkelsiologi er dei tre perspektiva som eg vil bruke i diskusjon med funna i analysen i del 4.

### 1.4.1 Aktuelle ordinasjonsteologiske diskusjonar

Klessmann skriv i si bok *Das Pfarramt*, at ordinasjonen i luthersk tradisjon «ist keine Weihe im katolischen Sinn» (Klessmann, 2012, s. 203). Den er underordna dåpen. Ein ordinand må vere kalla frå kyrkja til ei særskilt teneste (vocatio), godkjent av kyrkleig myndighet, og må avlegge ein forpliktande lovnad. Den liturgiske handlinga stadfestar (confirmatio) dette ved forbønn, handspålegging og signing av tenesta (2012, s. 203ff). Dette er eit nyttig bakteppe i møte med ordinasjonstalene og vigslig som liturgisk hending.

Kirkenes Verdensråd definerer i det såkalla Lima-dokumentet ordinasjonsn slik: «Ordinasjon betegner altså en handling utført av Gud og felleskapet hvor de som ordineres styrkes av Ånden til sine oppgaver og holdes oppe gjennom menighetens anerkjennelse og forbønn» (Kirkenes Verdensråd, 1983, s. 49). Der er mange spørsmål kring ordinasjon, som det finst ulike fortolkingar av. Å klargjere kva som er hovudspørsmålsstillingane er ein god start for få til gode samtaler kring temaet, hevdar den amerikanske teologen Stephen V. Sprinkle. Han viser si bok, *Ordination. Celebrating the Gift of Ministry* (Sprinkle, 2004, ss. 12-54) til Lima-dokumentet, når han peikar på paradoks og spenningar i ordinasjonsteologien. Sprinkle kallar dette skapande, eller konstruktive spenningar, som tilfører forståinga av prestetenesta ein større rikdom av perspektiv (2004, s 15). Fire av desse paradoksa vil eg bruke i diskusjonen etter analysen.

Det første paradokset er spenninga mellom «the many and the few». Korleis skal ein forstå dette med den særskilte teneste, når alle i dåpen er kalla til eit heilagt presteskap? Sjølv om ordinasjonen etter reformasjonen ikkje lenger vart rekna som eit eige sakrament, heldt ein fast på at den vigsla tenesta er ei naudsynt ordning. Dåpen og det allmenne prestedømme vart samstundes framheva som utgangspunktet for tenesta.

I fortolkinga av dette paradokset finst det fleire sider. Spenninga mellom den eine og dei mange har ført prestar inn i ei rolleforlegenhet. Sprinkle viser til kyrkjhistorikar Osborn, som hevdar at kyrkja i sin iver etter å løfte fram det allmenne presteskap har utarma forståinga av den ordinerte tenesta og kva den betyr for kyrkja (Sprinkle, 2004, s. 18). Han hevdar at kyrkja sitt samla oppdrag blir svekka, ved å svekke betydninga av prestetenesta. Sprinkle viser til at både den særskilte tenesta og det allmenne prestedømme må tolkast inn i kyrkja sitt samla oppdrag og tenesta, og ikkje som ei rettigheit til å utøve personleg autoritet (2004, s. 21).

Det andre paradokset han løftar fram er mellom «functional and sacramental models of ministry» (2004, s. 21ff). Dette handlar om kven presten representerer, og kva som er ordinasjonens karakter. Den funksjonelle forståinga seier at presten representerer Guds folk si teneste attende til lekamen (2004, s. 22). Utgangspunktet er igjen det allmenne prestedømme og alle kristne sitt kall til tenesta for Gud. Personar med tillit og særlege eigenskapar, blir peika ut til å fylle den tenesta kyrkja treng. Ei funksjonell tilnærming er kritisk til fastlagte hierarkiske strukturar og posisjonar. Dette kan bli ei stor belastning for den enkelte. Presten får sin autoritet og tillit av fellesskapet på grunn av si dyktigkeit, og blir vurdert ut frå kva ho oppnår. Ein erverva autoritet, som er personavhengig, kan gi risiko for å misbruke tilliten til eiga vinning og ære.

Den sakmentale tilnærminga vil hevde at tenesta ikkje berre er ein funksjon som skal fyllast. Å bli ordinert er å få overdratt ei rolle som gir autoritet og myndigkeit frå Kristus sjølv, difor er tenesta sakmental (Sprinkle, 2004, s. 26). Ved ei meir sakmental forståing av vigslinga vil ein kunne motvirke personfokuset, eller at ein ser tenesta som ein rein jobbinnstruks. Men det sakmentale embetssynet har på si side vore brukt for å halde kvinner og minoritetar utanfor prestetenesta.

Sprinkle peikar på at dei økumeniske diskusjonane etter KV dokumentet *Dåp, nattverd og embete*, har handla mykje om korleis ein skal kunne forstå ordinasjonen som eit sakmentalt

teikn. Sjølv om ein avviser ordinasjonen som eit sakrament, vil det sakramentale aspektet med ordinasjonen tilføre viktige perspektiv til forståinga av prestens identitet. Han hevdar at det mest fruktbare er å halde det funksjonelle og det sakramentale ved prestetenesta saman.

Det tredje paradokset som blir peika på er spenninga mellom vigslinga som gav eller embete, «themes of office and gift» (2004, s. 34). Alle kyrkjer legg vekt på det ytre kallet til teneste. For slik kyrkja er kalla av Kristus, må presten også ha eit ytre kall. Men kva tyder det å bli kalla til presteteneste (2004, s 34ff)?

Sprinkle seier *Limadokumentet* ser ordinasjonen langs to linjer. På den eine sida som ei *utpeiking* (gresk «chereitonen») av dei som har gåver og er best skikka til å leie og forkynne, og det bibelske grunnlaget for dette. På den andre sida er vigslinga å bli sett inn i ein *orden* eller eit embete. Begge desse omgrepene stammar frå verdslege ordningar, men blir i kyrkjeleg kontekst brukte om prestetenesta. Om ein at tenkjer prestetenesta har sitt utgangspunkt i «an office to which one succeeds», så blir tanken om differensiert tenesteteologi ein konsekvens av det. Om ein derimot tenkjer at utgangspunktet for tenesta er at kyrkjelyden kallar den dei meinan er mest eigna til teneste, så blir prestens identitet først og fremst ei oppgåve (2004, s. 35).

Det siste paradokset kallar Sprinkle spenninga mellom «models of ambassador and servant» (2004, s. 45ff). Ein kan sjå dette langs to linjer:

Den første er presten som talsmann eller ambassadør. Ein som er peika ut til å gjere teneste med delegert autoritet til å representere. Den andre er presten som gir avkall på autoritet og status. For den siste blir Jesus og Paulus trekt fram som forbilde, og tenaren må forvente motgang og prøvingar. Litt karikert kan ein altså spørje: Blir presten ordinert til ei teneste med myndighet, eller til ei teneste som avviser verdslege normer for status og makt (2004, s. 46)?

Begge desse måtane å forstå prestetenesta på blir utfordra av samfunnsendringane. Hierarkiske strukturar og posisjonar kan tilsynelatande stå i motsetnad til det kristne tenaridealet. Samstundes er tenaridealet ikkje så lett å kommunisere inn i ein kontekst som har fridom og sjølvstendigheit som viktige ideal. Men kanskje er nettopp denne spenninga, eit fruktbart paradoks for å forstå det særskilde ved prestetenesta sin identitet, spør Sprinkle. Fleire vil hevde at det nettopp er paradokset mellom å ha autoritet og å vere miskunnsam, som gjer den kristne

prestetenesta unik. Kristus befaler ei teneste i sitt namn, og tenaren gjer det for kjærleikens skuld. Når kyrkja snakkar om å vere fri til å tene, samlar det opp i seg Bibelens bodskap om kva prestetenesta er (2004, s. 47).

Desse fire paradoksa synleggjer mangfaldet i ordinajonsforståinga i den protestantiske kyrkja. Vi skal i diskusjonsdelen sjå nærmare på korleis våre tekster samtalar med desse posisjonane.

#### **1.4.2 Aktuelle pastoralteologiske roller**

Klessmann skriv i sin pastoralteologi om rolleomgrepet (sjå er eit nyttig innsteg til forstå prestetenesta. Fordi ei rolle ofte er definert som ei institusjonell og overindividuell ordning, eit oppdrag som nokon tek på seg, og som vedkomande kan og må utføre på sin eigen måte (2012, s. 209). Klessmann peikar på at presterolla har ein forventingsstruktur knytt til seg. Det handlar om at presten representerer eit sett med verdiar som rolla blir forbunde med.

Å vere teolog og fagmenneske er ein viktig del av prestens identitet. Den tyske professor i praktisk teologi Jan Hermelink skriv om prestevigsling i si bok *Kirchliche Organisation und das Jenseits des Glaubens*, om kyrkjeteori ut frå dei ulike sidene ved kyrkja som ein heilskap. Han ser prestetenesta som ei side ved leiinga av kyrkja. Hermelink poengterer at i luthersk tradisjon føreset ordinasjonen ei vitskapleg teologisk utdanning, som gir presten grunnlag for å utdjupe og fortolke den overleveringa, som det allmenne prestedømme gir alle truande tilgang til (2011, s. 256ff). Den som får som hovudansvar å forvalte og fortolke denne overleveringa, treng særleg kompetanse til dette. Tekstene nemner denne utrustinga som ein vesentleg del av kva ein prest er.

Klessmann refererer til fleire presteskisser frå dei to seinaste århundra. Han seier at sjølv om presteideal har endra seg mykje, og til tider også har vore motstridande, kan dei ulike forsøka på å teikne eit presteideal bidra til nyttig refleksjon kring presterolla. Til dei som meiner det er nyttelaust å meisle ut presteideal for ei teneste som skal skje i så vidt ulike kontekstar og med så forskjellige oppgåver som prestar har i dag, svarer Klessmann at eit presteideal ikkje først og fremst skildrar realitetane, men er ein visjon, ei rettesnor for tenesta.

Den første presteideal et eg vil nemne er presten som *vitne*, eller «Zeuge des Wortes Gottes» (Klessmann, 2012, s. 152ff). Dette er presteidealet åt den dialektiske teologien. I dette presteidealet må prestens person tre i bakgrunnen, og prestens livserfaringar blir rekna som eit

hinder for forkynnargjerninga. Prestetenesta er einast teologisk bestemt. Tenesta må frigjere seg frå både samfunnet og kyrkjelyden sine forventingar. Denne tenkinga om prestetenesta var svært utbreidd heilt til første halvdel av førre århundre.

Eit anna presteideal som Klessmann peikar på er presten som *geistleg*. Det er Manfred Josuttis, som i sin pastoralteologi lanserer teorien om at «Der Pfarrer ist anders» (2012, s. 159). Han forklarar kva denne skilnaden inneber på tre måtar: Sosiologisk, at presten er og lever i rolla, og skil seg ut offentleg. For det andre psykologisk, at presten er ein representant for religion og kristen tru. For det tredje teologisk, at presten skal representer Guds annleisheit, og gi ord til Guds stemme. Josuttis vidareutvikla seinare sin teori meir i retning av at presten si rolle er å føre menneske inn i møte med det heilage.

Ein tredje måte å sjå prestetenesta på blir framsett av Ulrike Wagner-Rau. Ho bygger på ein pastoralteologisk logikk der prestars identitet er å vere *på terskelen*, eller vere «Schwellenkundige». Ho er opptatt av å tydeleggjere prestetenesta og hennar oppgåver i lys av endringsdebattane i kyrkja (Klessmann, 2012, s. 172). Wagner-Rau hevdar at prestens identitet må sjåast lys av det heilskaplege kyrklelege oppdraget. Denne kompetansen handlar om prestens si rolle i å knyte saman kyrkje og samfunn, og evangelium og levd liv. På terskelen finst dei som er nysgjerrige og sokjande mot kyrkja. Wagner-Rau hevdar at presten må våge å stå i det motsetningsfulle og mangfaldige, fordi det er slik livet er for dei menneska ho skal tene.

Eg kjem attende til desse presteideala i diskusjonen (4.2.2).

#### **1.4.3 Aktuelle ekklesiologiske modellar**

Ulike kyrkjemodellar tillegg presten ulike roller i og overfor kyrkjelyden. I denne avhandlinga har eg valt meg tre kyrkjemodellar som Tron Fagermoen skisserer opp, i sin artikkel i Tidsskrift for praktisk teologi *Et valg mellom visjoner? En analyse av ulike kirkesyn i kirkevalgkampen 2015* (Fagermoen, 2016, s. 4ff). Bakteppet for artikkelen er ei analyse av kva kyrkjemodell som fekk prege kyrklevalet i 2015.

Den første modellen kallar han *den «klassiske» folkekyrkjetanken*. Fokuset her ligg på at det kyrkjekonstituerande er forkynninga av ordet og forvaltinga av sakramenta (Confessio Augustana VII, heretter CA). Den har røter til Einar Billing, Gustaf Wingren og N.F.S.

Grundtvig. Fagermoen peikar på Dag Myhre-Nielsen og Sven Åge Christoffersen som sentrale i å vidareutvikle denne modellen. Også Sevat Lappegard er eit kjent namn i denne samanhengen. Denne kyrkjetenkinga har merksemda festa på å bringe evangeliet til menneska innanfor eit geografisk område. Kristus er kyrkjas sentrum, og evangelieformidlinga er kyrkja si hovudoppgåve. Kyrkja består av alle døypte, og er innnevært i det alminnelege livet. Gudstenesta er ei hending der dei allmenne livserfaringane får si livstolking i evangeliet og nådemidla. Modellen har blitt kritisert for å ha for einsidig fokus på første trusartikkkel, og å idyllisere det alminnelege livet. Nokre vil hevde at presten får for mykje makt og innflyting i ein slik kyrkjemodell. Andre vil hevde at ein slik modell tryggjar at kyrkja held fram å vere ei opa og inkluderande kyrkje.

Den andre modellen Fagermoen løftar fram er *Folkekyrkja som fellesskap*. Den finst både i høgkyrkjelege og lågkyrkjelege utgåver, men vekta ligg på samfunnet av dei heilage kring nådemidla. Men medan den første modellen legg tyngds på det kyrkjekonstituerande i CA VII, vil denne modellen legge tyngda på «forsamlinga av dei heilage». Tanken er at det må leggast større vekt på kyrkja som eit synleg og verksamt fellesskap. I Norge er det særleg Harald Hegstad som har profilert denne kyrkjemodellen. Folkekyrkja er fellesskapet av alle døypte, slik det kjem til syne i gudstenesta, hevdar han. Fellesskapet gir næring til tru og til det oppdrag som Kristus har kalla kyrkja til. Modellen understrekar forpliktinga som kviler på fellesskapet, til å vere både inkluderande og misjonerande. Hegstad løftar fram tenestefellesskapet som eit ideal. At prest og kyrkjelyd arbeider for kyrkjelydsutvikling vil vere ein naturleg følgje av denne kyrkjetenkinga. (Hegstad, 2009, s. 198)

Den tredje modellen kallar han *De utestengtes folkekirke*. Dette er eit kyrkjesyn som er inspirert av latinamerikansk frigjeringsteologi. Her finn ein ikkje tradisjonell luthersk ekklesiologi. Det er dei utstøyte og marginalisert som blir gjort til subjektet i kyrkja, ikkje berre dei døypte. Gyrid Gunnes og Sturla Stålsett har i norsk samanheng løfta fram dette kyrkjesynet. Kyrkja skal vere open på ein slik måte at ho gir prioritet til, og tek parti med dei marginaliserte. Først då er ho ei sann kyrkje. Kyrkja sin stad er i randsona hjå dei utestengde. Presten si rolle blir å stå opp mot urett og sameine krefter i arbeid mot undertrykking og utanforskap.

I realiteten finst ikkje nokon av dei tre modellane i si reine form i vår kyrkje, men dei gjer seg gjeldande i det spennet prestar står i mellom kyrkleideal og kyrkjeverkelegheit. Val av strategi

er ikkje noko presten kan ta åleine, men mange prestar legg likevel eit meir eller mindre medvite kyrkjessyn til grunn for si teneste.

## 1.5 Design

Materialet eg har studert er 21 ordinasjonstalar frå tre biskopar i Den norske kyrkja. Eg ville undersøkje kva for teologi om prestetenesta som kjem til syne i talene. Denne studien står altså i skjeringspunktet mellom ei empirisk og ei meir tradisjonell theologisk oppgåve. Hovudfokuset vil vere på det theologiske.

Talene er blitt til i ein prosess, med fleire føregåande møter mellom kandidat og ordinerande biskop. Mange ulike element blir vevd saman og spelar inn på talene; relasjonen til ordinanden, staden det skjer på, den liturgiske ramma og biskopens teologi. Slik kan ein seie at ordinasjonstalen er ei talehandling, meir enn ei theologisk tekst. Eg vel likevel å trekke tekstene ut av sin levande kontekst og å tolke dei i større grad som theologiske tekster. Dette er altså ikkje ei homiletisk oppgåve. Der finst form- og språkmessige sider ved desse tekstene som er med å prege innhaldet, men her måtte eg gjere eit val. Perspektivet mitt er å fokusere på det theologiske innhaldet, men det homiletiske perspektivet er ikkje heilt borte i analysen.

Eg er har nærma meg tekstene frå biskopane med interesse for korleis dette tekstkorpuset skriv fram prestetenesta. Eg ville undersøkje kva manuskripta kommuniserer inn i denne særskilde konteksten, og om det kan vere eksempel på måtar å theologisere om prestetenesta på i dag. Mitt forskingsspørsmål i denne studien er såleis følgjande:

*Kva seier biskopars ordinasjonstalar om identiteten og oppdraget åt prestetenesta, og korleis representerer dette theologiske logikkar om prestetenesta i dag?*

Denne studien av ordinasjonstalar kan kallast ein case-studie. Materialet er eit utdrag av talar frå eit lite utval biskopar i Den norske kyrkja, og gir følgjeleg avgrensa med informasjon. Målet med studien var ikkje å kartlegge kva alle biskopar meiner om ordinasjon og presteteneste, og heller ikkje å gje eit fullstendig bilet av dei tre biskopane sin pastoralteologi. Derimot byggjer oppgåva på eit breitt nok materiale til å kunne få auge på linjer og tendensar i theologien om prestetenesta i manuskripta. Med theologiske logikkar meiner eg moglege argumentasjonsmåtar, avvegingar og posisjonar, som det er grunn til å tru at fleire enn desse biskopane nyttar seg av for å formulere ein aktuell og kontekstuell pastoralteologi. At det også teiknar seg ulikskapar i

framstillingane åt desse tre biskopane, vil vere venta. Dei tre biskopane har ulik bakgrunn, og er biskopar i tre bispedømme med ulikt kyrkjelandskap.

Det ligg ei avgrensing i sjølve konteksten som talene er skriven inn i, som må takast omsyn til. Som eg påpeika ovanfor, er der fleire sider ved samanhengen som påverkar innhaldet. Ordinasjonstalene er ikkje skrivne for å gjere greie for det eg er ute etter i mitt forkingsspørsmål. Det vil difor kunne vere tema som er svært sentrale for prestens identitet og oppdrag, som ikkje høver så godt i den aktuelle konteksten. Dessutan kommuniserer ordinasjonstalen i konteksten saman med resten av liturgien, og er ein del av denne heilskapen. Det kan også vere ein grunn for biskopane til ikkje ta opp tema i talen, som alt er formidla i liturgien.

Det er likevel rimeleg å forvente at i desse manuskripta finst det stoff som set fokus på prestetenesta som identitet og oppdrag. Gjennom å analysere dei vil eg vise kva for tema biskopane løftar fram som vesentlege for prestetenesta, og korleis dei argumenterer for dette. Eg vil også sjå kva for overordna logikkar om prestetenesta som trer fram frå ordinasjonstalene. I analysedelen skal tekstene få sette tema, og belyse kvarandre. I diskusjonsdelen vil eg drøfte funna frå analysen i lys av pastoralteologien og nyare empirisk forsking om prestetenesta.

## ***1.6 Fagleg plassering og avgrensing***

Prestars identitet og oppdrag er interessefeltet mitt i denne studien. Med identitet meiner eg ikkje berre prestens personlege relasjon til tenesta, men kven presten er i relasjon til dei ho møter som prest. Eg vil analysere biskopane sine ordinasjonstalar for å sjå korleis ulike sider ved prestetenesta blir skrivne fram i talene. Fagleg høyrer studien inn under pastoralteologien, forstått som ein deldisiplin innan praktisk teolog. Pastoralteologien vektlegg for det første identitetssida ved prestetenesta, slik som kall, ordinasjon og embetsteologi, relatert til kontekst og praksis. Her er også prestens spiritualitet vesentleg. For det andre har pastoralteologien hatt fokus på relasjonsida ved prestetenesta, både i form av omsorga for det enkelte menneske, men også samhandling i fellesskap og samfunn. Dette vedkjem også spørsmål om pastoral leiing (Saxegaard, 2020, ss. 90-92)

Talene har også karakter av å vere teologiske tekstar, sjølv om dei ikkje er skrivne for å gjere greie for teologi innan særskilte tema. Dette er likevel ikkje ei systematisk teologisk oppgåve.

Dei homiletiske aspekta ved ein slik analyse, er relevante der form og retorikk gir informasjon om innhaldet. Det kan handle om ordval, stil og oppbygnad av talene. Formmessige aspekt vil altså spele med, ikkje for å vurdere kvalitet på formuleringar og retorikk, men for å forstå argumentasjon og vektleggingar. Eg kjem ikkje til å vurdere eller samanlikne kvaliteten på manuscripta, men konsentrerer meg om det som formidlar meiningsberande innhald om prestetenesta.

## **1.7 Eiga forskarrolle**

Etter 25 år som ordinert prest, dei fleste som kyrkjelydsprest, har eg god kjennskap til prestetenesta. Eg har nærma meg vigslingsstalene med eigne erfaringar, tankar og posisjonar i pastoralteologiske og ekklesiologiske spørsmål. Ein erfaringsbasert master i praktisk teologi krev erfaring frå arbeidsfeltet. Eiga erfaring har hjelpt meg å relatere tekstene til den praktisk-kyrkjelege kontekst dei vart talte inn i, og til å stille relevante spørsmål i møte med dei.

Ein må også vere klar over at eigne erfaringar ikkje alltid er allmenne erfaringar, og at kyrkjerøyndomen kan variere frå stad til stad, frå bispedømme til bispedømme. Også forkunnskap om dei som har skrive talene kan farge lesing og analyse. Kva er det som faktisk står skrive, og i kva grad tolkar eg det ut frå min eigen horisont? Legg eg meir i orda enn det som står der? Eg kjenner til dømes biskop Solveig Fiske mykje betre enn dei to andre. Nesten all mi teneste har eg vore prest i Hamar bispedømme, sju år som teologisk rådgivar for Hamar biskop.

## **1.8 Disposisjon**

I det følgjande gjer eg først greie for metodiske spørsmål i oppgåva, med omsyn til innsamlinga og analyse av materialet. Analysekapittelet gir ei innføring i materialet, og er så strukturert kring fem tema: Ordinasjonen som liturgisk handling, ordinanden, relasjonane i prestetenesta, presterolla og presten sine oppgåver. Diskusjonskapittelet gir først ei induktivt anlagt oppsummering av analysen, idet eg identifiserer tre pastoralteologiske logikkar. Deretter diskuterer eg analysen i lys av dei tre teoriperspektiva frå ordinasjonsteologi, pastoralteologi og ekklesiologiske modellar.

## 2. Metode

Eg skal her gjere greie for dei metodiske omsyn og refleksjonar eg har gjort i arbeidet med studien.

### 2.1 Utval og innsamling av materiale

Utvalet av tekster er gjort med tanke på kva som er teneleg i omfang og variasjon. Det måtte ikkje vere for få biskopar som bidrog, eller for få talar frå kvar biskop, for då ville det vere vanskeleg å oppdage, og grunngi, linjer og tendensar i materialet. Det kunne heller ikkje vere for mange, viss eg skulle få god oversikt over materialet. Fordelen med å ha eit mindre og meir avgrensa tekstkorpus, er at det gir moglegheit for å dukke djupare inn i tekstene.

Eg vil her gjere greie for prosessen med å samle materialet til denne studien.

Materialet for studien er 21 ordinasjonstalar. Eg vurderte det slik at tre biskopar ville gi nok variasjon til å kunne representere ei breidde i tematikk og argumentasjon. For at stoffmengda ikkje skulle bli for stor, bad eg om 6-8 talar frå kvar biskop. Utvalet av biskopar vart ikkje gjort etter strenge kriterium, men med ønskje om ei viss teologisk breidde, at begge kjønn var representert, og at dei var biskopar i bispedømme med litt ulikt kyrkjeleg landskap. Det var ikkje eit mål i seg sjølv at det skulle ha ulike posisjonar i høve til mi problemstilling. Eg hadde ikkje klare kriteire for analysen før eg fekk tekstene tilsendt.

Ein biskop vart førespurt, men hadde ikkje høve til å bidra. Slik vart det Borg biskop, Agder og Telemark biskop og Hamar biskop som vart utfordra til å bidra. Alle desse tre har lang fartstid som biskop; Sommerfeldt 2012-2021, Reinertsen 2013 til d.d. og Fiske 2006 til d.d..

Etter å ha fått godkjenning av prosjektet frå NSD, skreiv eg brev til biskopane, og dei stilte seg positive til å bidra med manuskript til studien. Dei fekk sjølve gjere eit utval blant eigne talar, og avgjere nøyaktig kor mange dei ville sende. Eg bad om at dei, om mogleg, kunne sende meg talar frå dei seinare åra. Eg la ingen føringar om kva type prestestillingar kandidaten vart ordinanden vart vigsla til.

Ordinasjonstalen skal, i følgje rettleiinga for denne, vere «ein kort tale over ein høveleg tekst». Tekstkorpuset som eg har analysert inneheld åtte ordinasjonstalar frå Sommerfeldt; sju frå Reinertsen, og seks frå Fiske. Sommerfeldt var framleis biskop i Borg, då eg bad han vere med

i studien, og talene hans er frå same tidsperiode som dei to andre sine. Alle talene er frå åra mellom 2013-2021. Det samla materiale er på om lag 15000 ord, og det er ikkje stor skilnad i lengda på dei ulike talene i tekstkorpuset.

Manuskripta har likskapar med kasualietalar, slik vi kjenner dei frå vigsel og gravferd. Likskapen er at dei fortolkar ei overgangshending, og at opplysningar frå livet til personen i sentrum for hendinga er synlege i talen. Dei er samstundes forkynnande talar.

Talene er personlege og direkte, skrivne til ein konkret situasjon, og ein særskild person. Eg har fått delvis kjennskap til kontekst, og noko kjennskap til mottakarane. Vigslingshandlinga skjer enten i heimekyrkjelyden åt kandidaten, eller der ho eller han skal ha si teneste. Det er snakk om tre nokså ulike bispedømme i geografi, busetnadsmønster og kyrkjelege tradisjonar. Det er vanskeleg å seie i kor stor grad den kyrkjelege konteksten har prega innhaldet i talene, men kyrkjelyden der vigslinga skjer er til dels synlege i talene, særleg når ordinandens veg til presteteneste blir skildra.

Eg bad om å få nokre korte data om den enkelte ordinand. Dei kan skjematiskt framstillast slik:

Biskop	Ordinands veg til prest	Kjønn	Type presteteneste
Sommerfeldt 8 talar	2 stk. første karriere 1 frå forsking 3 frå kyrkjeleg arbeid 2 anna karriere	3 kvinner 5 menn	1 byprest 7 kyrkjelydsprest i Borg
Reinertsen 7 talar	6 første karriere 1 frå kyrkjeleg arbeid	3 kvinner 4 menn	4 kyrkjelydsprest i Agder og Telemark 2 kyrkjelydsprest i anna bispedømme 1 byprest
Fiske 6 talar	3 første karriere 2 frå kyrkjeleg arbeid 1 frå anna karriere	3 menn 3 kvinner	3 kyrkjelydsprest i Hamar 2 kyrkjelydsprest anna bispedømme 1 feltprest

Vi ser her at kjønnsfordelinga er nokså lik på ordinandane som tekstene er stila til. Halvparten av kandidatane blir vigsla til prestetenesta som si første karriere, og halvparten kjem frå anna karriere. Fleire av dei siste har hatt eit langt yrkesliv i anna kyrkjeleg relatert arbeid, mellom anna i forsking, byråkrati og i kyrkjeleg undervising. Dette vert nemnt i talene. Det store fleirtalet vart ordinert til kyrkjelydsprest, og det kan ha prega innhaldet i talene med tanke på korleis prestetenesta blir skildra.

Med eit såpass avgrensa materiale som desse talene utgjer, kan dei sjølvsagt ikkje gi informasjon om alle sider ved prestars identitet og oppdrag. Tekstene er også for få, til å fullt ut kunne gi eit bilet av den enkelte biskops teologi om prestetenesta. Dei er dessutan ikkje skrivne med dette for auget, men forfatta og formidla inn i ein kontekst som utfyller og fargar dei. At dei ikkje er skrivne etter ei særskilt bestilling, kan gjere at tekstene er meir umiddelbare uttrykk for den enkelte biskops formidling av prestetenesta, enn dei ville ha vore om det var tekster med dette som einaste tema.

Eg har i analysen vore medviten om at der er grenser for kva ein kan slutte om forskingsspørsmålet mitt ut frå desse tekstene. Eg vil likevel hevde at manuskripta kan gi relevant og interessant informasjon, om korleis biskopar som kyrkjeleiarar skriv fram prestetenesta, både saman og kvar for seg. Det er også mogleg å sjå mønster og logikk gjennom dei, som kastar lys over prestars identitet og oppdrag i dag.

## 2.2 Metodar for analyse

I oppgåva har eg arbeidd ut frå hermeneutisk tolkingsteori. Det er ei tilnærming til lesing og forståing, som eg har med meg frå teologistudiet, og som eg som prest stadig praktiserer i ulike pastorale oppgåver. Men denne tenkinga måtte ytterlegare bevisstgjeraast, når eg no skulle skrive eit vitskapleg arbeid. Eg har i dette arbeidet hatt nytte av Gilhus sin artikkel *Hermeneutics* (Gilhus, 2021, s. 314ff), som skisserer seks hermeneutiske rettesnorer i fortolking av tekster. Vidare har eg støtta meg til Virginia Braun og Victoria Clarke sin artikkel *Using thematic analysis in psychology* (Braun & Clarke, 2006) for å få grep om prosessane i ei systematisk tematisk analyse.

### 2.2.1 Seks hermeneutiske steg

For det første er det naudsynt med sakte og nøye lesing av materialet. Det første eg måtte gjere i denne studien var å lese gjennom tekstkorpuset mange gonger, og gjennom det få eit bilet av både heilskapen og argumentasjonsrekke i dei ulike delane.

Hermeneutisk teori nyttar omgrepet *den hermeneutiske spiral*; om dette at lesaren kjem med ei forforståing eller fordomar i møte med materialet. Møtet med tekstene gir fordomar om til ny innsikt, som igjen pregar forforståinga for vidare lesing av teksten, og så bortetter (Gilhus, 2021, s. 316). For det andre, hevdar Gilhus, må det vi veit om språk og kontekst i materialet få kaste lys over lesinga. Her måtte eg sjå ordinasjonstalene lys av den samanheng dei er skrivne inn i. Kven er dei er stila til? Kva liturgisk plassering har dei? Eg måtte vidare applisere kjennskap til teologiske omgrep og kyrkjelege og pastoralteologiske diskusjonar i historie og samtid, for å kunne fortolke tekstene.

For det tredje seier Gilhus må ein vurdere moglegheita for om det kan finnast liknande tekster. For dei kan gi perspektiv til lesinga av vårt materiale, og bidra til å sjå fleire sider av tekstene. Her var det lite stoff å finne om ordinasjonstalar frå vår tradisjon i Noreg, men som nemnt i innleiinga, finst det ei samling av ordinasjonstalar frå Johannes Smemo, som har vore ei hjelp for meg til å sjå etter sentrale tema i mitt materiale.

For det fjerde må ein vere medviten om at meininga i tekstar ikkje er konstant. Den har si tolkingshistorie, og vil bli prega av lesarane. Materialet i denne studien er nytt, og har ikkje vore tilgjengeleg for fortolking av andre enn dei som høyrd dei, men dette perspektivet er likevel relevant. Tekstkorpuset gjenspeglar nemleg ulik lesing og tolking av andre teologiske tekstar, til dømes frå Bibel og vedkjenningsskrifter. Eg måtte vurdere korleis manuskripta nytta andre tekster i sin argumentasjon, og om dei vart tolka ulikt. Eg såg også at tekster vart parafraserte ut frå taleskrivarens forståing av dei, og ikkje alltid ordrett.

Den femte rettesnora handlar om å vere merksam på kven sine interesser som kjem til syne gjennom tekstene. Kven er «*vi-et*» i talene, og kva er talen sin kontekst? Her måtte eg sjå etter kva tekstene formidlar som horisont for meininga og bodskapen i talene. Det er fleire mottakarar av denne talehandlinga. Teksten er skriven av biskopar til ein ordinand, men også kyrkjelyden og dei som medverkar i handlinga er målgruppa. Samstundes er orda tala inn i ein

større samanheng i både kyrkje og samfunn. Her såg eg at talehorisonten varierte hjå biskopane, noko som til dømes viste seg i måten dei skriv om kyrkja på.

Det sjette og siste steget handlar om å søkje å stille nye spørsmål til teksta. I lys av nye spørsmålsstillingar, kjem fleire nyansar fram i materialet. Her har eg nytta meg av nyare pastoral litteratur og empiriske studiar av prestetenesta, samt eiga erfaring og kjennskap til arbeidet som prest i kyrkja. Eg måtte vere medviten om å ikkje legge meir meinung inn i talene enn det eg hadde grunn til, og samstundes hjelpte litteraturen meg å sjå etter teologi og argumentasjon i tekstene, som kunne gjenspegle logikkar eller tankesett som finst hjå fleire enn desse tre.

Oppsummert handlar ei hermeneutisk tilnærming til materialet om at alt som blir sagt i talene må vurderast, og om at dei ulike fortolkingsdelane i studien må henge saman og samsvare med det vi allereie veit.

### 2.2.2 Tematisk analyse

I kodinga og systematisering av analysen har Braun og Clarke si utgreiing om tematisk analyse vore til god hjelp. Dei kallar temaanalyse ei metode for å identifisere, analysere og rapportere mønster i data. Dei seier at denne metoden i tillegg kan bidra til fortolkinga av tema i materialet (Braun & Clarke, 2006, s. 76). Vidare gir dei ein guide til kva steg ein må gjennom i temaanalysen for å yte materialet rettferd, og ikkje dra for raske og ugrunna slutningar på innhald og meinung (2006, s. 87ff) Stega dei skisserer har eg følgt på følgjande måte:

Som påpeika ovanfor (1) var det å første steget å lese manuskripta nøyne fleire gonger første steget i arbeidet. Under lesinga noterte eg meg kva temakrinsar og argumentasjonsrekker som eg såg i materialet. For det andre (2) koda eg manuskripta i temarapportar etter kategoriar som eg fann interessante og relevante for forskingsspørsmålet. Det vil seie at eg leste tekstkorpuset på jakt etter tekstutsnitt som eg sorterte i temarapportar. Desse sitata vart valde ut med vidt perspektiv på kvar kategori, og med brei perikope for kvart sitat. Dernest (3) måtte eg ut frå lesing av desse rapportane, finne endå tydelegare samanhengar, og kople saman dei kodene som høyrde saman til relevante undertema i analysen. Denne samankopplinga av data som eg meinte var relevant for eit tema, måtte så (4) vurderast om dei verkeleg høyrde til under dette tema. Eg måtte også undersøkje om temaet i det heile var relevant for forskingsspørsmålet inn mot desse tekstene. Dernest måtte eg måtte sjekke om dei data eg hadde samla om eit tema, verkeleg var

dei mest relevante frå talekorpuset om dette temaet. Det femte steget forfattarane viser til handlar om å tydeleggjere og redefinere undertema i analysen (5). Jobben var ikkje ferdig etter første kodinga. Eg erfarte at det i temaanalyse er viktig å ikkje ta snarvegar frå dei første samanstillingane av data til den narrative analysen.

Før skrivinga kan starte må det koda materialet finanalyserast, og komprimerast ned til tydeleg tema med undertema. Berre slik kunne dei ulike delane i analysen tre tydeleg fram, utfylle kvarandre, og bli ein heilskap. Det var tidkrevjande å systematisere funna til meiningsfulle einingar og logiske, gyldige og verifiserbare samanhengar. Det var ei utfordring å gjere gode utval av sitat til å synleggjere funna i analysen. Utfordringa var at fleire sitat høvde til fleire tema. Eg måtte ta nokre val om kvar eg ville bruke dei. Eg måtte passe på at det ikkje var berre mengda utsegn i tekstene som vart tillagt vekt, men også kor vesentlege dei var i høve til forskingsspørsmålet. Dessutan måtte eg passe på at alle dei tre forfattarane fekk kome fram med si stemme. Det siste steget (6) i temaanalysen var å skape om funna til narrativ tekst som syner god og relevant grunngjeving for dei funna eg påviser. Eg har brukta sitata frå ordinasjonstalene til å illustrere funn, som eg med hermeneutisk tilnærming analysserer både i lys av tekstkorpuset og i lys av den tradisjon og kontekst desse talene er skrivne inn i. Å få til god struktur på analyseteksten, var krevjande, fordi tekstene i manuskripta gjerne hadde fleire trådar som vart nøsta ut samstundes. I arbeidet med analysenarrativet måtte eg også vere medviten om å la tekstene få kome til orde, og ikkje for snart assosiere til noko utanfor det tekstene faktisk kommuniserte. Eg valde difor å legge diskusjonen med aktuell litteratur og forsking, samt mine eigne tankar i møte med tekstmaterialet til ein del for seg.

### **2.3 Kvalitet og etikk**

Eg har analysert tekstkorpuset med tanke på å finne ut kva biskopar seier om prestars identitet og oppdrag i ordinasjonstalar. Mitt fokus har vore på det *tekstene* formidlar om prestetenesta, og ikkje på å identifisere den enkelte biskop sin teologi. Talene syner både likskapar og skilnader i tema og argumentasjon mellom biskopane, men eg måtte vere varsam med å dra konklusjonar om den enkelte biskops teologi ut frå analysen av nokre få talar.

Samstundes har eg tenkt at analysen av dette utvalet av ordinasjonstalar, kan gi kunnskap om noko meir enn berre kva tre biskopar meiner om ordinasjon og presteteneste. Dei blir eksempel på lojalitet til ulike teologiske tradisjonar, kyrkjessyn og embetssyn, som pregar teologi om

prestetenesta i vår kyrkje. Det er dette vi kan kalle logikkar, at tekstene gjennom sin argumentasjon har sin eigen dynamikk som peikar ut over den gjeldande biskop sin teologi. Dette vil eg drøfte i diskusjonskapittelet.

Studien var avhengig av biskopar ville stille sine manuskript til disposisjon for analyse. Det er noko heilt anna å få orda sine granska som eit manus, enn å overlevere dei til tilhøyrarar i ein munnleg og liturgisk kontekst. Biskopane har fått orientering om at materialet skal handsamast med respekt (sjå vedlegg), og berre nyttast til gjeldande formål. Studien skal sjå på innhaldet, ikkje evaluere kvaliteten på talene.

Prosjektet er meldt til NSD. Ved studiar av personlege tekster som dette, må omsynet til personvern vurderast. Dei tekstene eg har studert er personlege, men ikkje private. Dei er haldne i ein offentleg samanheng, av offentlege personar. Nokre biskopar legg talene sine ope ut på nettsidene til bispedømmet, også ordinasjonstalar. I dette tilfellet verkar difor anonymisering unaturleg. Dessutan kan geografi, altså i kva område i landet talene vart haldne, også ha noko å seie for talene sitt innhald. Ordinandane har eg derimot anonymisert. Personopplysingar om dei er berre vesentlege for studien, når dei kan forklare særlege sider ved det å vere prest, til dømes at nokre blir prest som ein andre karriereveg.

### 3. Analyse

I denne hovuddelen skal eg gjere greie for hovudfunna i analysen. Først gir eg ein kort introduksjon til ordinasjonstalene, så viser eg korleis dei nyttar vigslingsliturgien, Bibeltekster og Den augsburgske vedkjennings. Dernest går eg inn i hovudanalysen .

Fleire tema i tekstene tangerer og overlappar kvarandre. Det gjeld også sitata som synleggjer argumentasjonen. Eg har analysert manuskripta for å undersøkje kva teologi dei inneheld om prestetenesta som identitet og oppdrag. Gjennom analysen teikna det seg eit bilde av tematikk og argumentasjon i talekorpuset som heilskap. Her er det likskapar, men det vart også tydeleg at biskopane vektar og argumenterer ulikt i manuskripta sine. Det er også relevant å notere seg kva tema og argumentasjon dei ikkje tek opp, som ein kunne ha venta å finne omtalt i ein ordinasjonstale.

Der er fleire samanliknande moment å ta omsyn til i analysen. Først likskapane: Alle tre har den same ramma kring talene sine. Dei har lik funksjon og autoritet inn i denne konteksten. Ein

kan forvente at biskopar i Den norske kyrkja i stor grad rører ved mange av dei same tema i sine ordinasjonstaler.

Dernest ulikskapar: Det ville vere uventa om dei hadde heilt lik måte å argumentere fram, prestetenesta på. Biskopane er prega av ulike kyrkjesyn og den kyrkjelege konteksten dei identifiserer seg med teologisk, og har si teneste i . I analysen ser eg nærmare både på likskapar og ulikskapar, men det er naturleg å legge størst vekt på det som særmerker kvar biskop sin implisitte og eksplisitte, deskriptive og normative, portrettering av prestetenesta. Dette leiar fram mot Til sist skal denne studien ikkje berre studere tre biskopars taler, men søkje å sjå etter mønster og teologiske logikkar, som kan gi perspektiv på prestetenesta i dag. Eg har i analysen måtte gjere eit utval av dei pastoralteologiske tema som er mest synlege i tekstmaterialet.

Analysen kunne altså ha vore strukturert på andre måtar, men ut frå vektinga i materialet, har eg valt følgjande struktur.

### ***3.1 Introduksjon til talekorpuset***

For å gi eit inntrykk av kva materiale vi har med å gjere, vil eg no gi ein introduksjon til talekorpuset. Her vil eg skildre nokre hovudtrekk i den einskilde biskop sine tekster. Korleis dei er oppbygde, og korleis dei nyttar referansar til andre sentrale teologiske tekstar.

#### ***3.1.1 Kontekst, språk og retorikk***

Biskopane har halde desse talene som vigslarar i kyrkja. Rolla deira, og konteksten, er lik for alle talene, men dei verkar i bispedøme med ulik kyrkjeteologisk profil, og dei har sjølve ulik kompetanse og bakgrunn.

Gjennom fleire samtalere kjenner dei ordinandane, noko som kan ha innverknad på innhald og utforming av talen.

Skilnaden mellom dei tre biskopane sine taler, viser at det ikkje finst ein fastlagt norm for ordinasjonstala som sjanger. Det er heller ikkje ordinasjonstale som sjanger, eller retorikken i tekstene, som har interessert meg her, men korleis dette påverkar kva dei kommuniserer. Kvar av dei har funne si form på talene sine. Der kjem noko av særpreget deira fram, som kan gi ein peikepinn på kva forfattarane ser som formålet med ordinasjonstala.

Det finst gjentakande tema og argumentasjon i manuskripta frå den einskilde biskop. Sjølv om dei tre forfattarane riggar talene sine nokså forskjellig, har dei også med fleire av dei same elementa. Dei skriv alle om kvar prestetenesta har sitt feste, og om kva som er presten sitt viktigaste oppdrag, men stilten og oppbygnaden på talene er forskjellig. Det er skilnader mellom biskopane i mengda teologisk refleksjon dei vev inn i tekstene.

Alle talene startar med gratulasjonar i personleg tiltale. Helsinga signaliserer det høgtidelege ved vigslinga, og at hendinga vedkjem fleire enn ordinanden sjølv. Fiske rettar dette konsekvent til kyrkjelyden først, deretter til ordinanden. Reinertsen rettar gratulasjonen først til ordinanden, og dernest til kyrkjelyden. Sommerfeldts gratulasjonar helsar ordinanden.

I Sommerfeldt sine taler kjem ordinanden til syne gjennom personopplysingar vegen fram til å bli prest, og ofte er det ein får vite om personen nytta for å understøtte poeng og bodskap. Talene hans har klare postulat om tenesta.

Du trer inn i et globalt fellesskap av prester som i sitt store mangfold vitner om Den treenige Guds enhet og frelseshandlinger for alle slags mennesker og folkeslag, ja for hele skaperverket (Sommerfeldt).

Sommerfeldt nyttar forsterkingar som «den store dåpsbefalingen» eller «den store svenske teologen» for å løfte fram og underbygge poeng i tala. Og han skapar nyord, som for eksempel å kalle prestetenesta ei *tolketeneste*, og at vigslinga er å bli «en del av det universelle fellesskapet av Kristustolkere» Manuskripta hans inneheld fleire metaforar på vigslinga («pillar»/«stolpe») og uttrykk om prestefellesskapet («det universelle, forsonenede, mangfold») som er meiningsmetta og høgtidelege. Tekstene hans poengterer prestens nye oppdrag (oppdrag= 16 gongar i talene,) i vigslinga. Sommerfeldt er den einaste som nyttar omgrepene «forplikte» om tenesta (forplikte=9 gongar i talene). I talene hans nyttar han kontrastar for å tydeleggjere kva presten er og ikkje er: Vigslinga gir ny identitet, men tek ikkje presten inn i ein «ny og høyere åndelig divsjon», skriv han. Dette gjer det naturleg å karakterisere talene hans som skrivne i høg stil.

Reinertsen vender seg personleg til ordinanden i tala. Mottakar er synleg i tala som ein som blir bekrefta som prest i ramma av kyrkjelyden, men også for sine interesser og gode eigenskapar, som vil kome godt med i tenesta.

NN, du har de beste forutsetningene for å gå inn i denne viktige jobben. Det har jeg forsikret meg om. Men hvorfor trenger egentlig kirken prester (Reinertsen)?

Han tek i bruk fornamnet til kandidaten fleire gongar i kvar tale. Han brukar korte setningar og legg vekt på det personlege, både hjå kandidaten og seg sjølv. Alle talene har overskrifter, som angir det tematiske innhaldet. Dei er skrivne i ein munnleg stil. Fleire gonger spissar han argumentasjonen med eit spørsmål. Spørsmåla krinsar rundt «hva skal du egentlig drive med som prest?». Svaret blir deretter falda tydeleg ut, gjerne gjennom bibeltekster eller ved å vise til lovnaden i vigslingsliturgien, eller til CA. Han nyttar litteratur, poesi, og referansar til filosofi som merksemdefangrar, eller for å underbygge poeng. I Reinertsens manuskript finn ein verb i bydande form fleire gongar. Både positivt «du skal» (16 gonger), men også med negativt forteikn: «glem ikke», «slutt ikke» og «la ikke». Den personlege og munnlege forma, mildnar påbodet, og gir tala eit preg av at orda er meint til beste for kandidaten.

Fiske sine tekstar har også ein eigen stil og form. Ho brukar frå ein tredel, til halvparten av talene sine til å skildre kandidatens sitt livsraup. Det er ikkje berre informasjon med direkte relevans for prestetenesta, eller opplysningar som tener eksplisitt til å understreke bodskapen elles i teksta. Oppvekst, familie, interesser og erfaringar blir løfta fram som ein del av vegen til prestetenesta. Dette inneber at manuskripta hennar har mindre stoff som formidlar eksplisitt teologi om prestetenesta. Fiske brukar fleire stader sitat frå kyrkjas liturgiar og anna tradisjonsstoff, i staden for eigne formuleringar, til å formidle meiningsinnhald. Dette gir språket i tekstene hennar eit høgtidsamt preg.

Vi vandrer i et verdensvidt fellesskap og inviteres til livslang erfaring av nåden og velsignelsen: at håpet griper inn i dagens situasjon og leder inn i det evige (Fiske)

Ho rammar gjerne lengre bolkar om ordinandens livshistorie inn, med meir eksplisitte refleksjonar om kyrkja, trua og prestetenesta sitt innhald. Nokre gonger knyt ho desse refleksjonane til prestetenesta spesielt, men fleire gonger er dei meir generelle og inkluderer alle i forsamlinga. Fiske skriv altså fram prestetenesta like mykje implisitt som eksplisitt. Det er få utsegn som liknar på formaning og pålegg om prestetenesta, men ho har ein brodd mot dei som snevrar inn bodskapen eller kyrkja, til dømes når ho skriv om «å prøve våre ordninger og regler på om de virker for menneskenes skyld».

Ut frå forma dei legg på tala og ordvalet dei har, ser dei ut til å ha ulike målsetnader med talene sine. Sommerfeldt verkar oppteken av å formidle identiteten i vigslinga, det å bli ikledd ei rolle. Reinertsen legg tyngda på at kandidaten skal ha fokus på kva som er presten si viktigaste oppgåve, medan Fiske legg vinn på å bekrefte personen og kva denne kan bidra med for kyrkja. Desse tyngdepunkta i talene er ikkje eintydige, men likevel nokså påfallande, og eg vil forfølgje dei i den vidare analysen.

### 3.1.2 Referansar til andre kjelder

I tillegg til å innehalde stoff retta inn mot situasjon og mottakar, er tekstene frå biskopane forkynnande, teologiske tekstar. Dei viser til fleire andre kjelder, særleg til vigslingsritualet, bibeltekster og CA. Desse kjeldene pregar manuskripta. Eg vil no vise korleis nokre av desse kjeldene blir brukte, for å gi eit bilde av argumentasjonen i tekstene frå dei ulike biskopane.

I tekstkorpuset vårt finn ein for det første fleire referansane til liturgien for vigsling til presteteneste. Den ligg der ikkje berre som ein kontekst, men er å finne både mellom linjene og direkte sitert. Vi ser mellom anna at Fiske hentar ord frå *Framstillinga* av kandidaten, når ho seier:

I dåpen blir vi alle vigslet til å være tjenere for Gud. Gud har også innsatt en særlig tjeneste med å forkynne evangeliet og forvalte sakramentene og har gitt sin kirke i oppdrag å kalle mennesker til å gå inn i denne tjenesten (Fiske)

Her refererer ho til ledd 1 *Framstilling* (Den norske kyrkja, 1996, s. 163) nokså direkte sitert. Første del som forankrar dei vigsla tenestene i det allmenne prestedømme gjennom dåpen. I si tale nyttar Fiske sitatet for å sette vigslinga i samanheng med den vegen kandidaten har hatt fram til presteteneste, gjennom deltaking i kyrkjeleg arbeid. I andre avsnitt i *Framstillinga* vert også den særskilde tenesta nemnt, i om lag same ordelag som i tekstsutsnittet ovanfor. Vi ser her eit eksempel på korleis ho brukar formuleringar frå andre kjelder til å uttrykke innhaldet i prestetenesta, men utan å oppgi kjeldene

I tekstene åt Reinertsen finn vi fleire direktesitat frå vigslingsliturgiens *Formaning og lovnad*, ledd 6 i vigslingsritualet (Den norske kyrkja, 1996, ss. 168-169).

Vår oppgave som prester, er å utfordre mennesker til å tro. Det er prestetjenestens viktigste oppgave. I ordinasjonsliturgien er det sagt slik: "At du trofast veileder og

formaner til sann omvendelse, levende tro på Kristus og et hellig liv i kjærighet til Gud og nesten.»(Reinertsen)

Her blir orda frå lovnaden i vigslingshandlinga nytta for å underbygge kva tenesta er til for; at menneske skal kome til tru. Dette er eit hovudperspektiv i tekstene frå Reinertsen, som vi skal kome attende til. Hjå Sommerfeldt finn vi eit litt anna innsteg til det same punktet i liturgien. Med utgangspunkt i same lovnaden, legg han vekta på å «ledsage dem i alle forhold og utfordre dem til et liv preget av kjærighet til Gud og nesten.». Forpliktinga i ordnasjonslovnaden er sentral i Sommerfeldts tekstar, men dei viser ofte til at presten skal rettleie(«veilede»), og følgje («ledsage») menneske gjennom dei mange menneskemøter ho har. Tekstene hans legg tyngda på det å «ledsage» menneske til møter med Gud, og ikkje på omvendinga til tru, slik vi finn det hjå Reinertsen.

Handspålegginga og forbøna for kandidaten blir også omtalt i fleire av tekstene. Fiske skriv «Dette er en stor dag da du på en særskilt måte blir omsluttet av kirkas forbønn.» (Fiske) Denne formuleringa nyttar ho i fleire av talene sine, for å formidle kva som skjer i vigslinga, og vise at den særskilde forbøna peikar på ei den særskilde tenesta.

I ei anna tekst blir referansen til bøna for ordinanden brukt for å understreke kravet, som vigslinga legg på presten.

Det er en stor forpliktelse og vi hører i liturgiens bønner kirkens bevissthet om at denne forpliktelsen kan vi bære bare med Den hellige Ånds veiledning og støtte (Sommerfeldt)

Sitatet viser til påkallinga av Anden, som vigslingsliturgien er gjennomsyra av, til dømes i ledd 2 *Bøn til innleiing*, og i ledd 7 *Handspålegging og bøn* (Den norske kyrkja, 1996, s. 163f og 169f). Det er berre Sommerfeldt som viser til denne sida ved vigslinga så eksplisitt.

Det er altså fleire eksempel på at biskopane refererer til tekster frå vigslingsliturgien, for å underbygge argumentasjonen i talene sine, men også handlingane i liturgien er med. Som når Sommerfeldt ein stad gjer eit poeng av dette at presten får lagt stolaen over skuldrane, og at det er eit teikn på det ansvaret presten ikler seg.

For det andre nyttar dei bibelske referansar i manuskripta, sjølv om dei ikkje er utforma som talar over *ei* særskild bibeltekst. Vi finn bibelske fraser og uttrykk vevd inn i resonnement, eller

også tilnærma direkte sitat. Nokre gonger viser manuskripta til konkrete bibelvers, andre gongar til bibelske motiv. Dei tolkar stundom bibeltekstene for å understreke eit tema eller ein bodskap, men brukar også bibelsitat som reine helsingssord eller kjerneord utan fortolking. Til dømes slik: «Jeg sender med deg ordene fra Jesaja 43,19: Se, jeg gjør noe nytt». Ho brukar fleire gonger referansar frå Bibel og tradisjon som helsingssord, utan utlegge innhaldet i dei.

Innhaldet i skriftlesingane frå vigslingsritualet kling med mellom linjene, når det er snakk om kall og sending, dåpen og trua, eller Den heilage Ande som styrkar og leier presten. Men dei nyttar også fleire andre tekstar og motiv.

Den første lesinga i liturgien, Matteus 28, 18 ff, er eit tydeleg premiss i ordinasjonstalene. Alle talene i manuskorpuset har kyrkja som tru og fellesskap som utgangspunkt for vigslinga, og dei knyt prestetenesta til Jesu ord om dåp og tru og utsending i dåpsbefalinga.

Fiske viser indirekte til dåpsbefalinga, når ho snakkar om Guds misjon (sjå 3.6.1). Ho skriv ein annan stad at det å vere prest er å «gå ut i verden med ord og handling». Misjon er, ut over dette sitatet, som eg kjem attende til seinare, ikkje brukt som konkret omgrep på prestetenesta i tekstane.

Sommerfeldt sine manuskript er dei som tydelegast forankrar vigslinga i dåpen:

...du vigsles til et spesialisert oppdrag som prest på dåpens grunn. Guds handling med deg og for deg i dåpen er det lys som opplyser troen din og forblir livets og troens grunn... (Sommerfeldt)

Sitatet gir tenesta ein karakter av ei særskild utveljing, og samstundes blir dåpen understreka som den einaste grunnen oppdraget kviler på. Dette framstår som eit paradoks, men understrekar den spenninga presten står i, som mottakar av dåpens nåde og samstundes formidlar av den.

Den andre lesinga, Joh 20, 19-23, der Jesus gir læresveinane Den heilage ande, og sender dei ut, ligg også under meir som eit premiss, enn som ein referert tekst i manuskripta. Sommerfeldt vektlegg det å vere sendt til verda: «å tolke hva og hvordan dette evangeliet lever i den virkeligheten du sendes til» (Sommerfeldt). I hans tekster er også vektlegginga av Andens

rettleiing og støtte sterkare enn i dei andre manuskripta. Han koplar dette til tolkeoppdraget, noko eg kjem attende til.

Forsoningstenesta, omtala i den tredje skriftlesinga, frå 2. Kor 5., kjem Sommerfeldt inn på utan å vise til skriftstaden.

...for å tjene mennesker med Ordet om forsoningen i Kristus, forvaltningen av Guds tilstedeværelse i lokalsamfunnet i sakramentene og nestekjærighetens tjeneste for alle mennesker (Sommerfeldt)

Vi ser her korleis han i si oppsummering av vigslingsritualet og tekstene, gjer ei teologisk fortolking av kva dei betyr. Sakamenta blir i dette tekstutsnittet eit teikn på Guds nærvær i lokalsamfunnet.

Tekster om hyrdingen som førebilete eller metafor, frå den fjerde lesinga i ritualet (1. Pet 5), er det ingen av dei som brukar ordrett. I staden brukar Sommerfeldt denne teksta for å understreke at leiarrolla ikkje må nyttast til «maktovergrep og åndelig ekskludering». Motiv som handlar om å følgje og rettleie er også med i talene på ulik måte, som vi kjem attende til nedanfor.

Kva så med andre bibeltekstar? Berre unntaksvis blir kyrkjeårdagens tekster brukt i ordinasjonstalene, truleg fordi det er ordinanden som skal utlegge dagens evangelium og tema. Alle tre viser til Luk 18, 41: Kva vil du eg skal gjere for deg? Spørsmålet fungerer både som eit ideal for presten si teneste, og som noko presten sjølv kan kvile i. Rom 8,38-39 om at ingenting kan skilje oss frå Guds kjærleik, er brukt av både Sommerfeldt og Fiske, til å sette mot i ordinanden innfor tenesta.

Eg har ikkje gjort ei inngåande analyse av manuskripta, med tanke på bibelbruk, men noko av bibelbruka i manuskripta kan synleggjerast slik:

<b>Tema</b>	<b>Frå skriftlesingane i ritualet</b>	<b>Fellstekster</b>	<b>Eigne utval/dagens tekster</b>		
			<b>S</b>	<b>R</b>	<b>F</b>
<b>Brukt om kall til teneste</b>	S, R x3, F: Matt 28,18-20			Joh 15,16 2. Mos 3,11ff	
<b>Brukt om prestetenesta</b>	S: 2. Kor 5,17-20 S: 1.Pet 5, 1-4	S x2, R og F: Luk 18,14		Matt 22,36ff x2	Jes 43,19 Jes 52,7 ff

				og Luk 10,27 Luk 14,23 Apg 4,20	
<b>Bruk om kyrkja</b>			Matt 5,13f Gal 3,28	Joh 17,11 Joh 17,21	Matt 13,31f Joh 15,1ff Rom 2,11
<b>Bruk om evangeliet/trua</b>		S x4 og F: Rom 8,38-39		Joh 3,11- 16 Joh 20, 30f Rom 5,20f Rom 10, 17 1. Kor 15,17f 1. Tim 2,1-6a	Tit 2,11 Jes 33,17
<b>Om Guds hjelp</b>	S x2, R og F: Luk 18,14 R x3: Matt 28,18-20		2.Kong 19,11f Salme 53,2 2. Kor 12,9 x3		

Dei tre forfattarane vel tekster med ulike perspektiv på kyrkja og på prestetenesta. Hjå Sommerfeldt er det kvalitetane ved kyrkja som blir løfta fram i tekstval om å vere salt og lys (Matt 5,31), og at det overfor Gud ikkje er skilnad på mann eller kvinne (Gal, 3,28). Og han minner om at Gud som kjem i stilla ( 2. Kong), fullendar si makt gjennom veikskap (2 Kor 12). Reinertsen løftar fram fleire ulike tekstar som kretsar rundt forkynninga; om Moses som ikkje hadde mot til å tale, og om trua som kjem av forkynninga (Rom 10,17), og om kjærleiken til Gud og menneska (Matt 22,36ff). Fiske tek fram bibelord om nåde, framtid og håp , men også biletet på kyrkja, som likninga om sennepsfrøet og vintreet (Matt 13,31f/ Joh 15,1ff) og Paulus sine ord om at Gud ikkje gjer skilnad på folk (Rom 2,11).

Den tredje kjelda som bør trekkast fram er vedkjenningsskriftene. Sommerfeldt peikar på vedkjenninga, ikkje berre i tydinga CA, men som kyrkja si tru, når han viser til at presten har

«forpliktelsen til å tolke Den treenige Guds tilstedeværelse i våre liv slik den økumeniske kirkes bekjennelse uttrykker den og vår kirke tolker og ordner denne»(Sommerfeldt).

Her legg han også vinn på det økumeniske perspektivet på vedkjenninga. Sommerfeldt viser fleire gongar til at presten forpliktar seg til å tolke skrifta og vedkjenninga, ikkje berre for seg sjølv, men også for andre.

Det er særleg CA V, (*Om det kyrkjelege embete*) og CA VII (*Om kyrkja*), som blir nytta i manuskripta, for å grunngje det naudsynte i at Ord og sakrament blir forkynt og forvalta i kyrkja. Ein ser at nokre stader blir det vist til CA direkte, andre stader ligg CA V og VII under utan å bli sitert.

Dette blir din tjeneste i fremtiden. Bekjennelsen sier det slik: «For at vi skal komme til tro, er det innstiftet en tjeneste med Ord og sakrament.» (Reinertsen)

Dette er dei orda i talene som siterer CA mest direkte, men dette er heller ikkje er nøyaktig sitat. I CA står det «denne tro», som altså viser til den reformatoriske forståinga av evangeliet. Ordparet «ord og sakrament» står uansett som eit symbol på prestetenesta i tekstene frå alle tre biskopane. Fiske knyt sterkare til CAVII om at kyrkja er «der evangeliet blir lært rent og sakramentene forvaltet rett» når ho skriv: « ...for at dette skal lyde på ethvert sted har Gud kalt til en tjeneste med ord og sakrament». Vi kjem meir tilbake til korleis dei argumenterer rundt ord og sakrament nedanfor. Meir om forståinga av presten som forkynnar, kjem vi også attende til nedanfor.

Vi har i denne seksjonen sett eksempel på korleis manuskripta nyttar seg av sentrale kjelder i vår teologiske tradisjon for å formidle innhaldet i prestetenesta, særleg vigslingsliturgien, bibeltekster og CA. Vi har også sett at dei nyttar kjeldene på ulike måte, og at biskopane tolkar desse kjeldene inn i kvar sin teologiske heilskap.

### **3.2 *Ordinasjonen som liturgisk handling***

I dette avsnittet vil eg vise kva aspekt ved vigslingsa talene løftar fram. Teiknar det seg ein teologi om ordinasjonen i talene deira? Kva har denne hendinga å seie for prestens identitet og oppdrag i kyrkja?

### 3.2.1 Ei avgjerande hending

Manuskripta formidlar tydeleg at vigslinga er ei avgjerande hending, både for den som blir vigsla og for kyrkja. Det er ingen særleg skilnad på kva ord dei nyttar på ordinasjonen. Det står vigsling og ordinasjon om kvarandre, som synonyme omgrep.

Det er en stor dag når noen blir vigslet til kirkelig tjeneste. Og det er høytidelig for den som blir vigslet og for vår kirke, ja både lokalt og videre i et verdensvidt perspektiv (Fiske).

Manuskripta legg vekt på at vigslinga er ei høgtideleg handling, både personleg og for kyrkjelyden. Vigslinga skjer i ei gudsteneste i kyrkja, og ikkje ein lukka seremoni. Det understrekar at dette er ei hending av ein særleg avgjerande karakter for kyrkja. Utdraget ovanfor legg også til eit økumenisk perspektiv på vigslinga, og seier at den peikar ut over den einskilde kandidat eller staden der denne skal ha si teneste. Det er Guds kyrkje på jorda som får tilført ein ny medarbeidar.

Manuskripta peikar på korleis liturgien formidlar den avgjerande karakteren ved vigslingshandlinga:

...du gis en særskilt tjeneste som gjøres kjent i det offentlige rom og som uttrykkes gjennom bønn med håndspåleggelse og løftesavleggelse. Du forplikter deg til å forkynne Ordet om Guds nåde til alle slags mennesker (Sommerfeldt).

Her understrekar biskopen den offentlege liturgiske ramma for handlinga. Her er fleire ledd i liturgien som kommuniserer lære og innhald i den tenesta presten skal inn i. At ritualet inneholder både lovnad og forbøn, understrekar det høgtidelege alvoret i å ta på seg denne særskilde tenesta. Sitatet peikar på forpliktinga i vigslinga, som ligg i lovnaden med biskop og kyrkjelyd som vitne.

I dag blir du gitt et oppdrag og en rolle som du inviteres å ikle deg og som du i dag gjennom løftesavleggelse vil akseptere som ditt oppdrag (Sommerfeldt).

Talene legg vekt på at presten får ein ny identitet gjennom vigslinga, og ei ny rolle i kyrkja. Ho er ikkje lenger representant berre for seg sjølv, men for kyrkja si lære, overfor fellesskapet og enkeltmenneske ho skal tene. Det offentlege ved handlinga er vesentleg også fordi oppdraget

som blir overdratt er ansvaret for den offentlege forvaltinga av Ord og sakrament (1 Framstilling).

Men vi er glade både på dine vegne og kirkens. Vi trenger prester som kan være i første linje med det som er kirkens oppgave. Nå er du endelig der (Reinertsen).

Teksten uttrykker viktigheita av at nokon tek på seg oppgåva. Evangeliet må bli forkynt. Ein funksjon må fyllast, difor vigslar kyrkja prestar. Grunngjevinga for prestetenesta er at nokon må sjå til at kyrkja få gjere det ho er til for, det kyrkja ikkje kan vere utan.

### **3.2.2 Stadfesting av kallet**

Vidare skriv biskopane om vigslinga som ei stadfesting av kandidatane sitt kall til teneste.

Du kalles også i dag ..., både av Gud og kirken. I det må du høre trygghet. Du har et indre kall, det er bra. Men vi har også sett deg, hvem du er og hvilke ferdigheter du har, og vi har kalt deg (Reinertsen).

Vi ser her korleis biskopane skil mellom eit ytre og eit indre kall. «Vi har kalt deg» viser til at biskopen har det avgjerande ordet i om ein kandidat er skikka til å bli prest eller ikkje. Det er først når kyrkja ved vigslinga kallar presten, at ho er rett kalla til prest.

Dette ytre kallet blir i sitatet ovanfor framstilt som noko presten skal kjenne frimod ved og kvile. I ordinasjonstalene skriv biskopane om gleda, over at ordinanden stiller sine ressursar til teneste for kyrkja. Kyrkja treng ordinanden og hennar kvalifikasjoner.

I dag bekrefter Den norske kirke at det kallet du har utviklet i hjerte og hode og kropp, nå er kirkens kall til deg (Sommerfeldt).

Slik blir vigslinga er eit uttrykk for tillit til ordinanden si kompetanse, og stadfesting av kandidatens sitt eige kall. Prestetenesta handlar ikkje berre om den einskilde sitt yrkesval eller personlege overtyding. Det blir ved vigslinga eit kall frå Gud og kyrkja.

Talene understrekar ansvaret og alvoret i å ta imot vigslinga, men samstundes at vigslinga er ei bekrefting av personen som tek imot kallet.

Når du nå ordineres til prest så påminnes vi på en særlig måte at Gud kaller mennesker til å gå ut i verden med ord og handling. Gud kaller til tjeneste fra alle lag og kanter (Fiske).

Her ser vi korleis biskopen gir vigslinga endå ein dimensjon, ved at handlinga påminner forsamlinga om Guds kall til teneste. Gud kallar vidt, og slik vart også denne kandidaten kalla. Det kommuniserer at den som blir vigsla er ønska av Gud til tenesta. Ordinasjonstalene tener altså også til å styrke ordinanden. Dette finn vi særleg tydeleg i Fiske sine manus. Fleire utsegn frå henne har liknande karakter som denne ovanfor. Ho legg vekt på at kallet til teneste har dei same kvalitetane som evangeliet og kyrkja; det opnar opp og finst der ein ikkje ventar å finne det.

I medgang og motgang, i sorg og glede, i hverdag og fest, når mørke tanker og usikkerhet dukker opp, kan du hvile i dagens handling som tekstene og bønnene vi ber forteller oss kan Den hellige Ånd bære det meste for deg og oss (Sommerfeldt).

Vigslinga som liturgisk og sakral hending skal bere presten og stadfeste kallet til teneste. Den nære samanhengen mellom vigslinga og påkallinga av Den heilage Ande ver påpeika her, gir presten frimod og tryggleik. Sommerfeldt koplar dette også saman med det særskilte ansvaret for forkynninga, som vi kjem attende til under avsnittet om presten sine oppgåver.

### 3.2.3 Identitet som forpliktar

Manuskripta frå dei tre biskopane legg vinn på vigslinga som ein identitet som både gir tryggleik og ansvar. Tekstene frå Fiske og Reinertsen koplar denne identiteten primært til kyrkja. I talene frå Sommerfeldt blir vigslinga i tillegg knytt særskilt til det å tre inn i eit fellesskap av prestar:

En ny dimensjon legges til din identitet i dag. Som vigslet prest i Den norske kirke blir du del av et universelt fellesskap av vigslede prester som strekker seg tilbake til apostlene (Sommerfeldt).

Det er særleg i synet på vigslinga som transformerande, at Sommerfeldt skil seg ut frå dei to andre. Vigslinga er her ikkje berre eit oppdrag, eller overdraging av ein funksjon. Den nye

identiteten er også å bli innlemma i eit større prestefellesskap. «Det universelle ved presteskapet», som han kallar det, er både verdsviđt og eskatologisk. Det handlar om å gå inn i rekka av prestar, som står, og har stått, i det same oppdraget sidan apostlane. Han koplar dette til apostolisk suksjon, i tydinga at alle prestar har del i det same læreembete som apostlane. Han gjer det samstundes klart at fellesskapet i «Det universelle presteskap» ikkje er ein relasjon som kjem i staden for fellesskapet i dåpen. Vigslinga endrar ikkje prestars status overfor Gud, og gir ikkje særskilde privilegium.

Den nye identiteten er først og fremst ei forplikting:

De som velger og blir utvalgt til vigslede tjenester i Guds kirke aksepterer forpliktelsen til å tolke Den treenige guds tilstedeværelse i våre liv slik den økumeniske kirkes bekjennelse uttrykker den og vår kirke tolker og ordner denne bekjennelsen (Sommerfeldt).

Sommerfeldt understrekar alvoret i det som skjer i vigslinga. Han gjer eit poeng av skilnaden på kallet alle kristne har til teneste, og det særskilde rolla presten får ved vigslinga. Dette vert særleg tydeleg, når han skriv om forkynninga, som vi skal kome attende til nedanfor.

Sjølv om *forplikting* ikkje er brukt ordrett hjå dei to andre biskopane, formidlar også dei ordinasjonen som overdraging av eit forpliktande ansvar. Reinertsen nyttar ofte bydande verb i ordinasjonstalene sine.

...hva skal du egentlig drive med som prest? Svaret i bekjennelsen er: Du skal skape tro på Jesus. Derfor har vi prester (Reinertsen).

Teksten formanar presten om tenesta, men knyter det til konkrete oppgåver og situasjonar, og i mindre grad til ei rolle ein blir ikledd. Når Reinertsen siterer frå lovnaden i ritualet, gjer han det snarare for å understreke presten si viktigaste oppgåve, som er å forkynne og tilverke tru. Prestens identitet ligg i oppgåva.

Heller ikkje i Fiske sine tekster finn vi orda *lovnad* og *forplikting*, men som vist ovanfor, så understrekar ho det å bli omslutta av kyrkas forbøn. Ho peikar på distinksjonen vigslingsritualet gjer mellom alle sitt kall i dåpen, og kallet til den særskilte tenesta.

Fiske og Reinertsen formidlar altså også at vigslinga er å ta på seg eit ansvar og ein ny identitet, men tekstene frå Sommerfeldt utfaldar i større grad argumentasjonen kring dette. Han legg vekta på at identiteten i vigslinga har betydning for dei som møter presten, så dei skal vite kva dei kan forvente.

Det er fleire teologiske perspektiv på vigslinga i manuskripta frå Sommerfeldt, enn i resten av tekstene.

...som vil forme din identitet som person og kristen i dette livslange oppdraget Den norske kirke nå betrør deg. (Sommerfeldt)

Her viser Sommerfeldt igjen at det er meir enn berre oppgåvene, som blir overdratt ved vigslinga. Vigslinga gir presten livslange rettar til å utføre kyrkjelege handlingar og forrette gudsteneste. Det skal mykje til at desse fullmaktene blir tilbake, sjølv om den vigsla ikkje er i ei prestestilling.

Det livslange ved tenesta blir også uttrykt hjå Fiske, men på ein meir underforstått måte:

Vi vandrer i et verdensvidt fellesskap og inviteres til livslang erfaring av nåden og velsignelsen: at håpet griper inn i dagens situasjon og leder inn i det evige. (Fiske)

Her er det mindre tydeleg om det er kyrkja eller prestetenesta ho skriv om. Ho let den livslange karakteren ved tenesta bli eit moglegheitsrom for nåden og velsigninga, og ikkje ei bør. Her er det håpet og evigheita som lyser over det daglege arbeidet.

Dei uttrykker prestetenesta som ei naudsynt teneste for kyrkja, så ordet kan skape tru, og lener seg her på CA. Korleis dei argumenterer her, kjem vi tilbake til under seksjonen om prestens oppgåver.

Oppsummert kan vi seie at biskopane ser vigslinga som ei avgjerande hending både for ordinanden og kyrkja, som styrkar og bekreftar kandidatens kall, som Guds og kyrkja sitt kall til teneste. Identiteten til presten ligg i det særlege ansvaret for ord og sakrament. Tekstene frå Sommerfeldt vektlegg i sterkest grad den nye identiteten i vigslinga, og fellesskapet det gir med andre prestar. Vigslinga signaliserer for kyrkjelyden og enkelmenneske kva som er prestens ansvar og forplikting, og gir forankring og frimod til tenesta.

### **3.3 Ordinanden**

Det går tydeleg fram av talene at ordinand og biskop har ein relasjon og ei historie frå før ordinasjonen. Det obligatoriske programmet i regi av Bispemøte (« Vegen til vigsla teneste», kirken.no), inneheld kurs og møter mellom biskop og student, fleire gongar i studieløpet. Eg vil i denne seksjonen vise korleis manuskripta omtalar prosessane på veg mot å bli prest, og samanhengen mellom personleg identitet og presteidentitet.

#### **3.3.1 Personen og kallet**

Talene syner entusiasme over ordinandane, og løftar fram kompetansen og dei gode eigenskapane deira på ulike måtar.

Jeg har hatt gleden over å treffen deg i mange sammenhenger, og det har slått meg hver gang, at du kommer til å bli en god prest med den du er av personlighet, engasjement og faglig tyngde (Reinertsen).

Vigslinga er avslutninga på ein lengre danningsprosess, der biskop har møtt ordinanden over fleire år. Hjå Reinertsen kjem relasjonen til kandidaten fram på ein kjenslelada måte. Den personlege relasjonen blir spegla i talen, og forsterkar dei bekrefte orda til ordinanden, om kvalifikasjonar, og evner som høver til å gå inn i ei slik teneste.

Biskopane har fått del i kva som dreiv kandidaten til å bli prest.

Det har vært en sterk personlig prosess fram til å studere teologi og til å bli prest. En tydelig kallsopplevelse har ledet deg denne vegen (Fiske)

Fiske har valt å ta med mykje om livslaupet til ordinanden. Ho gjer det for det meste i ei skildrande og konstaterande form, der ho gjenforteller det dei har fortalt henne i samtale. Også andre taler gjengir erfaringar av eit personleg kall, ei åndeleg oppleveling.

Du har hatt en lang vei fram til denne dagen ..., med mange og viktige erfaringer ... men også med smerte og tvil om kirken og hennes fellesskap inkluderte også deg (Sommerfeldt)

Manuskripta legg ikkje skjul på at kandidatane har opplevd tvil og usikkerheit, til dømes om ein kan duge til dette. Her ser vi at kandidatens tvil kan handle om meir enn kvalifikasjonar.

Spørsmålet om ein kan bli prest, kan også vere eit spørsmål om den du er, t.d legning. Dette illustrerer kor sterkt prestens personlege identitet og presten som profesjon er knytt saman.

Som i alle andre yrke, handlar yrkesval også om interesse og motivasjon, og glede over å vere ferdig.

Vi har sett det på deg ... at du er svært motivert til dette. Du har nesten vært som ungkalvene om våren som står og venter på å komme ut på jordet (Reinertsen).

Her ser vi ordinandens personlege begeistring over å få ta fatt på tenesta. Dette er særleg understreka ved ordinasjonar av andre-karriereprestane. Kandidaten er verken ung eller ukjent med kva som ventar «ute på beitet», men får endeleg kyrkja si fullmakt til å gjere det ein kjenner seg kalla til å gjere. Den personlege gleda blir også feira gjennom ved den høgtidelege ramma ordinasjonen har.

### 3.3.2 Rekruttering

Korleis kandidatane vart rekruttert til presteteneste går igjen i fleire av talene.

Litt artig at det er den 4. kandidaten jeg vigslar til prest i denne menigheten. Ingen andre menigheter har rekruttert så mange. Så fortsett slik (Reinertsen).

Her gir Reinertsen mykje av æra for at kandidaten har valt kyrkjeleg utdanning til kyrkjelyden, som har lukkast med rekruttering gjennom sitt arbeid. Han løftar vidare fram den personlege deltakinga i kristelig arbeid og fellesskap, som ei viktig årsak til at kandidaten no blir vigsla til teneste.

Også i Fiskes tekster finn ein denne koplinga mellom engasjement i kyrkjeleg arbeid og val av yrke:

For deg begynte vegen inn i teologi og prestetjeneste med konfirmandtida ...du vikarierte også som kateket (...) Prestene (...) utfordret deg til å studere teologi, og slik ble det. (Fiske)

Relasjonar til ungdomsleiarar og kyrkjelege tilsette er viktig, og at nokon ser evner og kvalitetar, og gir konkrete utfordringar. Det kan vekke lysta og kallet til å gå inn i kyrkjeleg teneste. Livs- og trushistoria til ordinanden, blir her brukt til å bekrefte dette.

Men tekstene viser at det finst også andre måtar å bli rekruttert på.

Du har hatt en innholdsrik pilegrimsreise frem til i dag både menneskelig, faglig, åndelig og geografisk. Alle dine erfaringer er viktig for den tjenesten du nå er kalt inn i. I dag anerkjenner kirken dine erfaringer og det kall du har hatt i deg siden barndommen (Sommerfeldt).

Fleire av kandidatane blir prestar etter mange år med anna yrkesfaring. Nokre har bakgrunn frå kyrkjeleg arbeid, andre ikkje. Her samanliknar Sommerfeldt prosessen fram mot presteteneste med ei pilegrimsreise, med ordinasjonen som eit heilagt mål. På denne måten gir biskopen mening til dei personlege utfordringar som kandidaten har hatt på undervegs mot målet. Om vegen var lang, så var det verdt det, fordi det ga erfaringar og kompetanse som kjem godt med i tenesta han skal inn i.

### 3.3.3 Prestens tru og teologi

Manuskripta peikar på den nære samanhengen mellom yrke og eigen identitet. Dette vedkjem også det å leve av noko som er så tett knytt til eiga tru.

Til dette er du vel utrustet og du kan hvile i at ikke noe av det du erfarer kan rive deg ut av Guds kjærighet i Jesus Kristus. Guds nåde er fortsatt nok, også for deg som vigslet tjener i kirken.(Sommerfeldt)

Når presten skal nærme seg kjernen i evangeliet, står ho på lik linje med alle menneske. Den same nåden som presten forkynner, skal bere henne i tenesta. Teksten minner kandidaten om at den ballasten som ligg i fagleg kompetanse, som skal bryne seg på livserfaringane.

...også den vigslede tjener vil oppleve både gode og krevende dager i livet og tjenesten. Da er denne dagen et ankerfeste for deg som du kan hvile i og vite at du bæres av Guds nåde og det store fellesskapet av døpte og av vigslede mennesker (Sommerfeldt)

Dette er ei understrekning av dei to pålane som ber prestetenesta dåpen som den viktigaste og deretter vigslinga. Dåpen er utgangspunktet for vigslinga, og samstundes minner vigslinga presten om dåpen, og den universelle kyrkja som presten er ein del av. Presten står ikkje åleine, og går ikkje med ein bodskap på eigne vegne, men blir boren av kyrkja og av Guds kall til teneste.

I tunge stunder tenk da: Min jobb hviler ikke på mitt ønske. «Jeg er kalt av Gud og kirken til å være prest.» Det er mye hvile i at det er noe større enn bare min vilje som gjør at jeg er prest. (Reinertsen)

Også Reinertsen peikar på vigslinga som er ei forankring av tenesta utanfor presten sjølv. Denne forankringa i identiteten som vigsla, gir presten frimod gjennom heile livet som prest. Kallet er større enn det mot og dei krefter presten finn i seg sjølv. Evangeliet er først og fremst ei gáve, men for prestar er det også noko meir, minner Reinertsen om.

I mylderet over alle oppgaver som ligger foran, er det fort gjort å prioritere omgangen med Guds ord og bønn, lenger ned på listen over dagens oppgaver. La ikke det skje for ofte. (Reinertsen)

Guds ord og bøn er ikkje berre ei gáve for presten, men også ei oppgáve. Å fordjupe seg i teologien er noko presten lovar å gjere i ordinasjonen. Det ligg der også som ei plikt i tenesteordninga for kyrkjelydsprestar; å sette av nødvendig tid til studium og personleg fornying (*Tjenesteordninger med kvalifikasjonskrav for menighetsprester*, §3).

Trua heng saman med livet.

Du tenker stort om det å jobbe med livet fra vugge til grav. Du sier også at det er noe stort å leve tro og å være tro i det vi tror på (Fiske).

På denne måten understrekar ho samspelet mellom tru og liv. Her blir prestens eige liv løfta fram som ressurs; både erfaring, kompetanse og tru. Spiritualiteten må vere integrert i livet. Den er ikkje ei sak for seg, men er vevd inn i dei erfaringane presten gjer både som privatperson og i møte med menneske som prest.

Nå er du klar for prestetjenesten. Du har med deg mye erfaring og ballast både fra studiet og det du ellers har av erfaring som prestevikar og frivillig arbeid (Fiske).

Vegen fram til vigsling har betydning for integrasjonen mellom tru og teologi. Her blir vegen til presteteneste skildra som ein danningsprosess. Tekstene løftar fram den teologfaglege utdanninga som ein vesentleg føresetnad for å bli prest er. Den teologiske kompetansen går inn i ein heilskap med praksis og opparbeida kjennskap til kyrkjeleg arbeid.

Det er oppdraget kirken gir deg i dag, å bruke din store og brede utdanning, livserfaring og kunnskap til å tolke kirkens budskap slik at mennesker kan få tillit til at Gud i Jesus Kristus ved Den hellige ånd er tilstede i deres hverdag (Sommerfeldt)

Teologisk skulering er ein føresetnad for ordinasjon, viser tekstene. Sommerfeldt understrekar kompetansen som viktig for det tolkingsansvaret presten får overdratt. Det ligg ein ressurs og ein autoritet i det å ha gjennomgått teologiske studiar, men det må brukast i nærbond med eigne livserfaringar og i respekt for livet åt dei ho er prest for.

Vi har i denne seksjonen sett kva tekstene seier om ordinanden, og korleis det speglar personen og kallet, og vegen inn i tenesta. Ordinanden er meir synleg i dagens ordinasjonstalar enn hjå Smemo. Det har vore ein strategi frå Bispekonferansen å styrke prestestudentar sin relasjon til bispedømmet og ordinerande biskop. Ordinasjonstalene speglar både glad forventning og smertefulle prosessar hjå ordinandane. Alle vektlegg både samanhengar og spenningar i ordinandens identitet, og legg vinn på persondimensjonen ved det å bli prest. Identiteten i prestetenesta som forvaltar av ein kunnskapsprofesjon er mest synleg hjå Sommerfeldt, medan prestens fromheitsliv er mest betona hjå Reinertsen. Fiske vel å inkludere mykje meir personstoff enn dei to andre, og representerer slik det tydelegaste sjangerbrotet med ordinasjonstalene til Smemo.

### **3.4 Relasjonane i prestetenesta**

I seksjonen ovanfor har vi sett at manuskripta speglar ein nær relasjonen mellom biskop og ordinand, men også at andre relasjoner har styrkt kandidatens val om å bli prest. No skal vi sjå på korleis tekstene reflekterar kring relasjoner i tenesta, og kva det fortel om prestens identitet og oppdrag.

#### **3.4.1 Presten, kyrkja og samfunnet**

Kyrkja er ikkje eit eintydig omgrep i talene. Dei omtalar kyrkja som *kyrkjelyden*, i tydinga *bodskapen*, som *den universelle kyrkja* som sprengjer tid og rom, eller som det nærvær presten representerer. Men også kyrkja som menneskeleg fellesskap, både trusfellesskap og fellesskapet i lokalsamfunn og storsamfunn.

Skal tro skapes, trenger vi aktive menigheter. Det menighetsbyggende blir derfor en viktig del av din tjeneste som prest (Reinertsen).

Her er fokuset på prestens relasjon til trusfellesskapet. I manuskripta frå Reinertsen finn vi ofte kyrkjelyden («menigheten»), som synonym for kyrkja. Presten sin identitet er stekt knytt til kyrkjelyden som trusfellesskap, men dåpen vert ikkje nemnt som inngang til dette fellesskapet.

Det er den aktive kyrkjelyden presten talar inn i. Bygging av kyrkjelyd er ei viktig oppgåve for presten, fordi det er der trua blir skapt. Kyrkjelyden er handlande subjekt i høve til presten, og ikkje passiv mottakar av presten sine tenester. Sjeldnare skriv han om kyrkja som ein overordna storleik, men ho finst der som det større *vi* som kallar og sender presten til teneste.

Det er poenget du skal få gå med noe som er større enn deg. Du skal forkynne noe som er større enn dine egne tanker og ideer (Reinertsen).

Her blir presten si teneste sett i større grad overfor kyrkjelyden, som berar av bodskapen. Ho forvaltar noko på vegner av kyrkja, som er større enn trosfellesskapet lokalt.

I andre tekstar handlar relasjonen til kyrkja lokalt, om menneska i eit sokn eller eit lokalsamfunn:

...men oppdraget ditt er å forme din tjeneste i vårt samfunn og det lokalsamfunnet du blir satt til å tjenestegjøre. I din tjeneste som prest vil du gi ditt bidrag til at mennesker erfarer litt mer himmel på jord (Sommerfeldt).

Sjølve tenesta som presten skal yte overfor menneska på ein bestemt stad er det vesentlege her. Presten møter kyrkjelyden både som forsamling og som enkeltmenneske. Kyrkjelyden og lokalsamfunnet, er i stor grad skildra som overlappande storleikar. Relasjonane krev bevisstheit om *kvar*, og *for kven*, ein er prest. Ved å forme tenesta inn mot si samtid og sin stad, kan presten nytolke bodskapen, så menneske kan erfare Guds himmel over livet sitt. Samstundes omfattar relasjonen mellom prest og lokalkyrkje meir enn trusfellesskapet. Kyrkjelyden som sakramentalt fellesskap er meir vektlagt, og kyrkja er meir enn den lokale kyrkja.

I vår kirke er det dåpen som oppretter det grunnleggende fellesskapet der vi alle får del i fellesskapet med Den treenige Gud og med det store fellesskapet i Guds kirke, et fellesskap som er begynnelsen på den evige tilværelse hos Gud (Sommerfeldt).

Kyrkja er større enn det som er synleg og kjem til uttrykk i tida og på staden. Sommerfeldt understrekar at både tenesta og fellesskapet har sitt feste i dåpen, og høyrer til i ein større

samanheng nasjonalt, verdsvidt, og eskatologisk. Medan Reinertsens manuskript nyttar ordet «menighet» 20 gonger, finn ein det ordet på kyrkja ikkje ein einaste gong i Sommerfeldt sine taler. Derimot er dåpen nemnt 28. gonger.

Presten har i dåpen same status overfor Gud som alle andre, men oppdraget i vigslinga gjer at relasjonen til kyrkjelyden endrar seg.

Du sendes nå til mennesker som lever i lokalsamfunn der Den norske kirke gir mennesker rommet der de kan være trygge på at det evige livs kilde befinner seg (Sommerfeldt).

Presten skal forvalte evangeliet overfor menneska på staden, på oppdrag av Den norske kyrkja. I det ligg det eit ordningsperspektiv i relasjonen mellom kyrkjelyden og presten. Presten er ein representant for kyrkja og hennar lære og ordningar, og er gitt eit særskilt ansvar andsynes kyrkjelyden. Fleire stader i Sommerfelts taler blir det understreka kor viktig sendingsperspektivet er, for å gi tryggleik i relasjonen til dei presten skal tene, og frimod til presten. Tekstene uttrykkjer, som nemnt, eit sakramentalt syn på kva presten representerer overfor kyrkjelyd og enkeltmenneske.

Også i Fiske sine manuskript finst denne dobbelheita i relasjonen mellom prest og kyrkjelyd.

Evangeliet er alltid der folket er, og evangeliet sprenger grenser hele tiden. Så stort og så vidt er det budskapet som kirken kommer med. Og for at dette skal lyde på ethvert sted har Gud kalt til en tjeneste med ord og sakrament (Fiske).

Her er kyrkja både den som kjem med bodskapen, og dei menneska som tek imot bodskapen. Presten hører til i begge kategoriane, men prestetenesta skal også sikre evangelieformidlinga. Ho er sendt med noko som er større enn kyrkja på kvar plass. Det er det inkluderande ved evangeliet som blir understreka, og at det difor må vere nær menneska. Evangeliet konstituerer kyrkja, formidlar teksten, og for at det skal få lyde for menneska må også prestetenesta vere nær folk.

Ja, vi inviteres til å erfare hvordan det evige bryter inn i nået, med velsignelsen og nåden. Til stillhet og hvile. Til legemets, kroppens og sjelens hvile, kjærligheten som er sterkere enn døden; Kristus Jesus (Fiske)

Dette er ikkje adressert berre til presten, men til alle i forsamlinga. Fiske skildrar eit skjebnefellesskap mellom prest og kyrkjelyd. Det store «vi» får næring av same kjelde. Fiske konstaterer at evangeliet sjølv har kvalitetar som skapar det det forkynner. Det blir opp til lyttarane om dei vil definere seg med i denne erfaringa eller ikkje. Dette skjebnefellesskapet handlar også om dei livsvilkår som både prest og menneska på staden deler.

Presten er selvsagt også plassert midt i lokalsamfunnet, følger de lokale skikker, og må sette seg inn i dialekter og sosiolekter som eksisterer akkurat der hun er prest. Men presten kommer også med et budskap som ikke er fra en selv (Fiske).

Tilhøvet til lokalsamfunnet blir altså understreka som ein viktig relasjon i presten sitt arbeid. Teksta ei påminning om å identifisere seg med staden, og sjå at bodskapen må rotfestast der menneska lev sine daglege liv. Men samstundes har presten eit oppdrag i å vere ei stemme som formidlar noko meir enn det som ligg i kulturen og livserfaringane.

Kyrkja vert sjeldan skildra som ein definierbar storleik i Fiske sine tekstar. Det er bodskapen om plass for alle som er viktig:

Kirken er slik som et tre med grener som strekker seg utover og oppover, med plass for alle slags kvitrende fugler og mangfoldige frukter. Røttene strekker seg dypt ned i Guds mysterium og slekters erfaring. Stammen som holder oss oppe, er Jesus Kristus (Fiske).

Denne parafraseringa av likninga om sennepsfrøet og vintreet viser at kyrkja først og fremst har eit sentrum, som samlar alle slags menneske. Måten likninga vert brukt på, liknar på argumentasjonen andre stader i tekstene hennar; at det vert skapt rom der evangeliet kan møte menneska sine liv. Ho skildrar her kyrkja med metaforar, som ho knyter saman med menneska si livshistorie.

Vektlegginga av mangfaldet i fellesskapen finn ein også i mange av talene frå Sommerfeldt. Til dømes slik:

Folk kan stole på at du kommer fra og inviterer inn til kirkens mangfoldige fellesskap av mennesker. Kirkens historie er full av eksempler på forsøk på å strømlinjeforme forsamlingene kulturelt, åndelige og sosialt (Sommerfeldt).

Teksten peiker på korleis kyrkjelyden kan få ei slagside ved at fellesskapet blir for einsretta. Her blir presten ein som må trygge at det ikkje skjer, og som ikkje sjølv er med å gjere fellesskapet lite inkluderande.

### 3.4.2 Presten og medarbeidarane

Det står ikkje mykje i manuskripta om relasjon til andre medarbeidrarar i kyrkja.

Det er en stor dag for Kirken når vi i dag får en ny medarbeider, og jeg gratulerer igjen med den store dagen (Fiske).

Det «vi» som får ein ny medarbeidar kan tolkast som heile kyrkja, men det kan også tolkast som det skapande fellesskap av medarbeidrarar som kyrkja utgjer lokalt. I dette fellesskapet finst det personar med ulik kompetanse. Dette er ei ordinasjonstale med fokus på presten, men forståingshorisonten er eit vidare arbeidsfellesskap.

Som vi såg under seksjonen om vigslinga som liturgisk handling legg Sommerfeldt mest vekt på relasjonen til presteskapet, når han talar om relasjon til andre medarbeidrarar i kyrkja.

Du trer inn i det universelle og globale fellesskap av vigslede mennesker i Guds økumeniske kirke med dine erfaringer og ressurser (Sommerfeldt).

Sjølv om han også bekreftar fellesskapet med alle døypte, framhevar han sterkt relasjonen til dette fellesskapet av vigsla tenrar, og det er uklart i tekstene om han inkluderer andre vigsla enn prestar. Han framstiller det som eit skjebnefellesskap i det å ha del i eit felles ansvar, som prestar har hatt og skal ha så lenge kyrkja finst til. I dette kan prestar hente styrke, men og kjenne forpliktinga til å utføre oppdraget i fotspora etter dei som har hatt rolla før, heilt sidan apostlane si tid.

Spor av dei andre medarbeidrarane i lokalkyrkja finn vi att hjå Reinertsen slik:

...i denne oppgaven du i dag går inn i, står du på ingen måter alene. Det vil helt sikkert komme mange dager hvor du kjenner på at mange står sammen med deg, Men også i de dagene hvor du føler at du står mest alene, skal du vite. Vi som kirke står sammen med deg (Reinertsen).

Om denne kyrkja som vil stå saman med presten er ein kyrkjeorganisasjon, ein lokal stab eller kyrkjelyd er uklart. Dette står i ein kontekst som legg vinn på aktive kyrkjelydar, som føreset ei samhandling med frivillige og andre tilsette. Orda om at presten ikkje er åleine kan gi ordinanden mot, men kan også vere ei påminning om det relasjonelle i tenesta.

Prestetenesta står dagleg i samhandling med andre faggrupper.

Du er opptatt av å arbeide tverrfaglig og av å arbeide med helheten. Du tenker stort om det å jobbe med livet fra vugge til grav (Fiske).

Det er ikkje mykje spor i talene etter relasjonen til andre medarbeidarar i kyrkja. Fiske brukar, som nemnt, mykje av talene sine til å gjenfortelle kandidatens livs- og trushistorie. Nokre gongar nyttar ho det som ei bekrefting av kvalitetar som er viktige for prestetenesta. Gjennom det kandidatens sjølv har fortalt, peikar biskopen her på det tverrfaglege samarbeidet som eit viktig fokus for prestetenesta.

Vi har no sett på kva manuskripta seier om presten i relasjon til kyrkja og lokalsamfunnet, og til andre medarbeidarar i kyrkja. Oppsummert kan vi seie at talene speglar ulike perspektiv på presten i relasjon til kyrkje og samfunn. Medan Reinertsen ser ut til å ha hovudfokus på trusfellesskapet og presten si rolle i det, viser Sommerfeldt og Fiske på kvar sin måte ei utvida forståing av kva prestetenesta er, med større vekt på at presten representerer evangeliet som kjem utanfrå, og som sprenger forsamlinga sine grenser. Fiske har likevel sitt hovudfokus lokalt, medan Sommerfeldt i tillegg til det lokale vil understreke prestetenesta i relasjon til den verdsvide og universelle kyrkja. Ordinasjonstalene speglar i lita grad den kvardagen av tverrfagleg samhandling og relasjonsbyggande arbeid som prestetenesta står i det daglege. Manuskripta har sitt hovudfokus på det særmerkte ved presterolla, som vi no skal sjå nærare på.

### **3.5 Presterolla**

I denne seksjonen vil eg synleggjere korleis manuskripta skriv fram presterolla. Roller og oppgåver er ikkje lett å halde frå kvarandre, verken i verkelegheita eller i manuskripta. Nokre gonger legg tekstene vekt på rolla, andre gongar på oppgåvene.

### 3.5.1 Å få ei rolle, og fylle ei rolle

Tekstkorpuset viser på ulike måtar kva det betyr å ha ei rolle som er så synleg i kyrkje og samfunn. Det inneber at presten må gjere si fortolking av rolla.

Det å gå inn i rollen som prest er noe stort og fint samtidig som det selvsagt kan være både krevende og utfordrende. Det stilles ofte forventinger fra omgivelsene, men like ofte kommer de største forventningene fra en selv (Fiske).

Det teksta refererer til som «omgivelsene» er ikkje ein avklart storleik. Som vi var innom ovanfor, står presten i si tenest i mange relasjonar. Kyrkjelyd og lokalsamfunn, sokneråd og andre tilsette, enkeltmenneske eller grupper kan meine mykje om kva presten skal vere og gjere. Mange av desse forventingane er uuttalte og udefinerte, som forventingar til prestens livsførsel, engasjement og tid, eller måten presteoppgåver blir løyst på. Presten må sjølv gjere eit stykke arbeid med å finne ut kva som skal vere styrande for korleis ho fyller og formar rolla si. Ho er ikkje eintydig, men synleg og har klare forventingar knytt til seg.

De mennesker du møter og som du ledsager skal fra i dag være trygge på at de møter kirkens budskap og at de kan ha tillit til at de ikke er overlatt i varetekten til en person som vil bruke sin posisjon til maktovergrep og åndelig ekskludering (Sommerfeldt).

Gjennom vigslinga blir presten identifisert med kyrkja. Her ser vi eksempel på ein logikk Sommerfelt understrekar i tekstene sine, nemleg at rolla utgjer ei moglegheit. Rolla gir presten inngang til å vere prest for dei ho skal tene. Dette føreset positive forventingar til presterolla, og han åtvarar difor mot å misbruke tilliten. Presterolla forvaltar autoritet, og kan brukast til å gjere skade. Tilliten som prestetenesta er berar av, har ho fått frå kyrkja. Det er ei ansvarsfull rolle å ha.

Difor kan det å bere rolla vere ei personleg påkjenning. Forventingar om å representera ein bodskap set presten i ein utsett posisjon.

Prekener som skal skrives når ordene ikke vil komme. I møte med den bunnløse sorg, lidelse, sykdom hvor det vi kan gi virker så alt for smått. Når det ikke er samsvar mellom oppgavene og kreftene og tiden vi rår overfor. Hva gjør vi da (Reinertsen)?

Det å ikkje strekke til, enten det er på tid eller innhald, er eit sårt punkt for presten. Ho kan ikkje formidle ein bodskap ho ikkje sjølv står inne for, men må samstundes leve med forventingar om å formidle, også når ho ikkje har verken ord eller krefter til det.

Reinertsen skriv ein stad at prestetenesta er å vere «i førstelinje med det som er kirkens oppgave». Det trengs frimod for å stå i tenesta. Presten er synleg både når ho blir tatt godt imot, og når ho blir avvist.

Biskopane gir ikkje eit glansbilete av prestetenesta. Som vi såg ovanfor, formidlar både Fiske og Reinertsen at presset på presten kan kjennest høgt, og dei underslår ikkje dette. Samstundes skin det gjennom at dette hører med til rolla. Presten må difor kvile i noko som er større, i teologien og i trua. Fiske viser til det same, men minner altså samstundes presten om ikkje å legge for høge forventingar på seg sjølv.

### 3.5.2 Presten som representant for evangeliet og kyrkja

Vi har ovanfor peika på at presterolla ikkje er ei rolle, men mange. Likevel er det *ei* rolle som samlar alle dei andre, og det er rolla som representant for evangeliet og kyrkja. Dette er den rauden tråden gjennom alle tekstene åt biskopane, sjølv dei legg ulikt innhald i det.

Når du tar på deg albaen og får stolaen lagd om skuldrene dine og du bruker skjorte med prestesnipp, markeres det for menneskene du møter at du ikke lenger representer deg selv, men Den treelege Guds kirke (Sommerfeldt).

Teksta understrekar tyngda i dette å vere ein representant for noko større. Presten er ein symbolfigur for kyrkja som eit fellesskap, større enn den lokale kyrkjelyd. To karakteristiske identitetsmarkørar for prestetenesta blir løfta fram; prestesnippet og stolaen. Desse signaliserer at presten ikkje kjem på egne vegne. Stolaen minner presten om forpliktinga som ligg i å ta på seg «åket» i ordinasjonen, og om ansvaret for å forvalte læra på vegne av fellesskapet. Det ligg altså både ein autoritet og eit djupt ansvar i rolla som forvaltar av ordet.

Det er poenget du skal få gå med noe som er større enn deg. Du skal forkynne noe som er større enn dine egne tanker og ideer. Du skal vitne om det du har sett og hørt. Det er langt mindre krevende enn å finne opp et budskap. (Reinertsen).

Her legg biskopen til endå eit aspekt ved å representerere kyrkja si tru og lære, nemleg at læra er gitt på førehand. Presten må lene seg på dette og halde fast det som er det sentrale i trua, formidlar Reinertsen. Biskopane står samla i å kommunisere at det å vere prest er å utføre tenesta slik at bodskapen er gjenkjenneleg som kyrkja si tru og lære.

Det å gå inn i en sterk tradisjon er en måte å hvile på – en måte å kjenne at en ikke er alene, at det er mange som har hatt rollen før oss. Men det er også viktig at det å gå inn i en tradisjon ikke blir en hvilepute; en må alltid arbeide for å åpne evangeliet opp for vår egen tid... (Fiske)

Det ligg ei forplikting i å representerere ein bodskap og ein tradisjon med så lange og vidtrekkande røter. Her tek teksten truskapen mot overleveringa eit hakk vidare, ved å seie at det er ikkje ei statisk rolle. Presten har også eit særleg ansvar for at tradisjonen blir fornya og formidla inn i ulike kontekstar.

Vi ser at tekstmaterialet har litt ulikt innsteg til rolla som representant for evangeliet og kyrkja. I tekstene til Sommerfeldt og Fiske blir evangelieformidlinga gitt eit breiare perspektiv enn den munnlege formidlinga av bodskapen. Sommerfeldt understrekar tolkingsansvaret. Fiske løftar fram ansvaret for å opne opp. Reinertsen sine talar er meir retta inn mot sjølve oppgåva å forkynne til tru.

### 3.5.3 Presten som strategisk leiar

Ei anna rolle som er kommunisert i tekstene handlar om å utvikle kyrkja. Her finn vi presten skildra med ulike perspektiv på denne rolla.

Reinertsen kallar denne utviklinga av kyrkja «å bygge menighet».

...Jesu bønn før han skal lide og dø. Der er det et tema som går igjen: «Jeg ber om at dere alle må være ett.» Troen skal nemlig leves ut i et fellesskap. Med andre ord; du skal være med å bygge menighet (Reinertsen).

Å «bygge menighet» er altså ei viktig rolle for presten, fordi fellesskapet er ei frukt av trua.. Dette skjer gjennom forkynninga, og i samspel med den aktive kyrkjelyden. Målet er å innlemme nye i trusfellesskapet, og å skape rom for fordjuping i trua for dette fellesskapet.

Eit anna perspektiv som koplar presten til strategisk leiarskap i kyrkja, legg vekt på å skape naudsynt endring.

Som samfunn, som kirke og som enkeltmennesker er vi i stadig veksling mellom det kjente, det forutsigbare og det nye som er i emning. Dette med å være i endring, være i overgangstider i indre og ytre forstand er krevende, men også livgivende (Fiske).

Teksten viser presten som reformator, som leier kyrkja inn i den nye tida, og peikar på den sunne spenninga mellom tradisjon og endring. Det er naudsynt med nytolkning av teologi og ordningar for at kyrkja og evangeliet skal vere relevant i vår tid og for nye generasjonar.

Hånd i hånd med nåden følger sannheten og selvransakelsen slik Jesus lærte oss å prøve våre ordninger og regler på om de virker for menneskenes skyld, om det virker til at mennesker blir reist opp og at evangeliet får flyte fritt til menneskene (Fiske).

Fiske viser til det smertefulle i det å vere i endring, men at reformprosessar kan føre over i noko som ber gode frukter. Fiske talar her både om presten og om kyrkja, og peikar implisitt på rolla prestar har for å skape livgivande endringar. Ho peikar andre stader på at «Jesus lærte oss å prøve våre ordninger og regler». Og seier implisitt at difor er dette ei side ved prestetenesta.

Eit tredje perspektiv på presten som strategisk leiar, er presten som visjonsberaren.

Vår visjon for samfunnet må gjenspeile virkeligheten i det universelle presteskapet, et forsonet mangfold til beste for alle mennesker i lokalsamfunnet og nasjonen, ja mer enn det, for all mennesker i Guds ene menneskehett. (Sommerfeldt)

Visjonsberaren går føre i utviklinga av kyrkja og samfunnet. Dette går att i fleire av tekstene fra Sommerfeldt. Han legg vekt på kyrkja som er ei skapande kraft i samfunnet, og presteskapet si rolle i dette. Han viser andre stader til Den norske kyrkjas visjon; Meir himmel på jord, som eit strategisk mål for prestetenesta. Samstundes viser sitatet korleis Sommerfeldt i språk og form måler med breie penslar nettopp for å teikne opp ein klar visjon for tenesta.

Her ser vi altså tre litt ulike strategiar for prestetenesta, som ei form for leiing. Det er kyrkjelydsbyggaren, reformatoren, og visjonsberaren.

### 3.5.4 Presten som hjelpar og medvandrar

Presten i rolla som hjelpar og medvandrar er tydeleg i tekstkorpuset. Alle tekstene legg vekt på nestekjærleiken som drivkraft i prestetenesta.

Sykepleierne er opplært til å spørre: «Hva vil du at jeg skal gjøre for deg?» Uten kjærighet til de vi skal være prest for, er det vanskelig å nå frem med det budskapet vi er kalt til (Reinersten).

Her knyt teksten Jesu sinnelag til sjukepleiarrolla, fordi ordinanden også er sjukepleiar. Omsorgssida har eit dobbelt siktemål; for menneska si skuld, men også for at bodskapen om Guds kjærleik til menneska skal bli truverdig. Reinertsen koplar omsorga til forkynninga. Det kan tolkast som om det eigentlege målet med å vise menneske omsorg er at dei skal lytte til bodskapen hennar.

Jesu spørsmål til Bartimeus, frå Lukasevangeliet, blir også løfta fram som forbilde av Sommerfeldt og av Fiske.

Det er viktig med forbilder, og vårt største forbilde er Jesus Kristus og hans holdning uttrykt i spørsmålet: Hva vil du jeg skal gjøre for deg? Det spørsmålet er det godt å kunne stille i en folkekirkelig kontekst (Fiske).

Spørsmålet legg eit breitt perspektiv på prestetenesta i folkekirkja. Teksten formidlar ei haldning om at ikkje noko menneskeleg bør vere framandt for presten. Omsorgsaspektet må vere med i dei daglege oppgåvene.

Hyrde som metafor på presten finn vi ikkje i nokon av tekstene. Derimot finn vi fleire stader presten som «veileder» og «ledsager» i tekstene til Sommerfeldt:

...du går inn i tjenesten for å tjene mennesker, ledsage dem til møtepunktene med Gud og den korsfestede og oppstandne Kristus og veilede dem i livstolkning og livsvalg (Sommerfeldt).

Å vere ein rettleiar er ei side ved tenesta som presten tek på seg i ordinasjonslovnaden. Sommerfeldt skildrar ikkje ein streng og moraliserande rettleiar, men ein som gir livstolking og livshjelp. Han inkluderer i andre delar av tekstene sine også skaparverket i denne omsorga, når

han skriv at presten skal vere «deltager i å bygge gode lokalsamfunn i en fremtid som skal være bærekraftig for kommende generasjoner» (Sommerfeldt). Og han knyt også det rituelle i presten si gjerning til presten som hjelpar.

Rettleiinga og følgjet som blir skildra i tekstene til Sommerfeldt handlar også om omsorga som ligg i å følgje den enkelte i møte med det heilage. Slik trer også presten som gudstenesteleiar fram i tekstene.

Andre tekster gir presten rolla å opne tilgangen til det heilage.

Ja, det er å formidle evangeliet og åpne tilgangen til det hellige - og alltid huske at Gud ikke gjør forskjell på folk. Det er kirkens kall (Fiske)!

Tekstene åt Fiske skildrar det heilage, som eit møte menneske får auge på det inkluderande i bodskapen. Å opne det heilage, handlar om å føre menneske «i livets og håpets retning», seier ho. Det kan skje i enkeltmøter, men kan også handle om kyrkjeromet som det heilage romet.

Oppsummert finn vi at tekstkorpuset for det første snakkar om utfordringane det kan gi å bere presterolla. Biskopane skriv noko om trykket som rolla legg på personen. For det andre løftar dei fram det ansvaret og autoriteten som følgjer med rolla. Rolla definerer rammene for tenesta både for presten sjølv, og overfor menneska ho møter i arbeidet sitt. Men rolla kan vere uklar og forventingar sprikande. For det tredje speglar tekstkorpuset nokre av dei klassiske rollene presten står i. Dei fleste rollene handlar om presten som tolk og kommunikator inn i dei ulike relasjonane presten står i kyrkja, men også utover i samfunnet.

Den presterolla som blir kommunisert i ordinasjonen, kan sjå annleis ut når presten kjem ut i presteteneste. Forventingane til rolla er avhengig av konteksten for tenesta, og rolle må fyllast på ein personlege måte. Den enkelte kan ikkje styre kva folk ventar av rolla, eller om dei har tillit til den. Skjematiske kan dette illustrerast slik:

	Aktiv	Passiv
Objektiv	roller i kyrkjelyd, symbolberar	Vigsla prest
Subjektiv	utforminga av rolla eige prestebilete	Identiteten prest

## **3.6 Presten sine oppgåver**

Som nemnt er roller og oppgåver knytte tett sammen. Mykje av det som står skrive om prestesoppgåvene i manuskripta, har vi altså allereie vore delvis inne på i seksjonane ovanfor. Eg vil likevel løfte fram nokre avsnitt i talene som særleg legg vekt på oppgåvene til presten.

### **3.6.1 Tenesta med ord og sakrament**

Manuskripta formidlar forkynninga som presten sitt hovudoppdrag. Men forkynninga skjer på mange måtar, og talene forankrar oppdraget fleire stader.

For det første i utsendinga av læresveinane i misjonsbefalinga. Kristi utsending av disiplane blir peika på som startpunktet for forkynnaroppdraget. Sommerfeldt oppsummerer det slik:

Han ga dem oppdraget å forkynne til hele verden og alle folkeslag at Jesus er Herre over dødens makt og han vil dele denne seieren med hele Guds skapning.(Sommerfeldt)

I det som også er ei dåpsbefalinga, ligg ankerfestet for presten si eiga tru, men også for hennar oppdrag og teneste. Sommerfeldt understrekar fleire stader at vigslinga ikkje legg eit anna grunnlag for vår relasjon til Gud enn dåpen, men gir kallet til ei særskilt teneste. Evangeliet må delast med all verda, fordi det omsluttar og vedkjem heile Guds skapning.

Som vi eg peika på i 3.2.1 knyt også Fiske forkynninga til misjonsbefalinga.

Slik som da evangeliets varme vinder kom til oss her nord, og slo rot ivår jord og i menneskers hjerter. Noen brakte evangeliet til oss, og vi er kalt til å bringe det videre. Misjon heter det. Guds misjon! (Fiske)

Prestetenesta er del av den rørsbla som starta i Jerusalem, og den vigsla tenesta har si eiga oppgåve i dette. Det er Gud som kollar, og er oppdragsgivar til sin misjon. Altså er oppdraget større enn både presten og kyrkjelyden. Fiske løftar oppdraget ut over lokalkyrkja, men understrekar samstundes at tenesta med Ordet er avhengig av medarbeidaran.

For det andre forankrar tekstene forkynnaroppdraget i vigslinga.

Du trer inn i et globalt fellesskap av prester som i sitt store mangfold vitner om Den treenige Guds enhet og frelseshandlinger ... (Sommerfeldt)

Som nemnt ser Sommerfeldt vigslinga som det å bli innlemma i eit universelt fellesskap av prestar. Her faldar han ut dette ved å minne om at mangfaldet i presteskapet er eit gode for evangeliet, fordi det viser krafta som bur i evangeliet og som bind menneske saman.

Som påpeika i innleiinga til analysen knytte også Reinertsen forkynnaroppgåva til lovnaden, og begrunna det i at «Vår oppgave som prester, er å utfordre mennesker til å tro».

For det tredje viser talene til CA som grunngjeving for prestetenesta som ei teneste med ordet. Særleg CA V og CA VII blir løfta fram (sjå innleiinga). Reinertsen vektlegg at presten si hovudoppgåve er å skape tru, og han viser då til CA V: «For at vi skal komme til tro, er det innstiftet en tjeneste med Ord og sakrament.»

Sommerfeldt nyttar også CA V. Han seier presten «trer inn i en rolle Den norske kirke har formet i 500 år som forvalter av Ord og sakrament». Trykket ligg på å vidareføre den særskilde tenesta, for å trygge den offentlege forkynninga av ordet.

Eit litt anna perspektiv ser vi hjå Fiske, som grunngir forkynninga og prestetenesta i både CAV og CA VII. Ho peiker på det grenselause ved evangeliet, og fordi kyrkja er der evangeliet blir forkjent, treng vi prestar: «for at dette skal lyde på ethvert sted har Gud kalt til en tjeneste med ord og sakrament».

Dei ulike perspektiva på tenesta, går igjen i talene deira på fleire måtar. Biskopane er samde i at presten har si hovudoppgåve som forkynnare, men ser vi vidare på korleis dei omtalar forkynninga som oppgåve for presten, finn vi ulike teologiske nyansar.

Dette handlar til dømes om val av omgrep på forkynninga.

Sommerfeldt kallar presten *kristusvitne*, *bodberar* og *rettleiar*, men det ordet som ser ut til å skildre presten som forkynnare mest i hans manuskript er *tolk*.

Alle døpte gis i en luthersk kirke myndighet til å kunne tolke Skriften og den kristne bekjennelsen inn i sitt liv og sin hverdag. Som prest er du forpliktet til å tolke Skriften og bekjennelsen ikke bare for deg selv, men for andre mennesker (Sommerfeldt).

Vigslinga gir presten ei særskilt tolkeplikt i kyrkja. Dette er overdratt frå kyrkja, og er ikkje noko presten kan unndra seg. Dette særskilte ansvaret spring ut av det allmenne prestedømme,

men medan alle har rett til å lese og fortolke skrifta, har presten ei pålagt plikt til å fortolke på kyrkja sine vegner «for andre mennesker». Han utdjupar dette slik:

De som velger og blir utvalgt til vigslede tjenester i Guds kirke aksepterer forpliktsen til å tolke Den treenige guds tilstedeværelse i våre liv slik den økumeniske kirkes bekjennelse uttrykker den og vår kirke tolker og ordner denne bekjennelsen (Sommerfeldt).

I det å tolke ligg det ei utviding av perspektivet på forkynninga. Oppgåva er ikkje berre lokal, eller avgrensa av tid og rom. Både bodskapen, kyrkja og tenesta er universelle, difor må fortolkinga ha dette perspektivet av å vere er grensesprengande, økumenisk og verdsvidt.

Tolkingsplikta gir presten eit særskilte behov for rettleiing frå Den heilage Ande.

Det er en stor forpliktsel og vi hører i liturgiens bønner kirkens bevissthet om at denne forpliktselen kan vi bære bare med Den hellige Ånds veiledning og støtte (Sommerfeldt)

Vigslingsritualet legg vekt på påkallinga av Anden (ledd 2 og 3). Sitatet viser eit av fleire eksempel på korleis Sommerfeldt minner ordinanden om at Anden gjer si gjerning gjennom presten sine handlingar for menneska, men også for presten sjølv.

Tekstene frå Reinertsen løftar fram forkynninga som presten si klart viktigaste oppgåve.

Hva er prestens oppgave: Det sies veldig tydelig i vår bekjennelse: «For at vi skal komme til tro, er det innstiftet en tjeneste med ord og sakrament.» Prestens fremste oppgave er å skape tro på Jesus Kristus. Det gjør vi ved å vitne om han. (Reinertsen)

Som eg peika på ovanfor, nyttar Reinertsen fleire gongar spørsmål i tekstene sine, og svarar med bydande hjelpeverb «du skal». Vi ser her at ordval og perspektivet på oppgåva er annleis enn hjå Sommerfeldt. Der presten er livstolk og rettleiar i Sommerfeldt sine tekster, ser vi altså eit meir omvendingsorientert syn på forkynninga i kyrkjelyden hjå Reinertsen. Han skildrar presten som eit vitne. Siktemålet med tenesta er å forkynne, og presten forkynner først og fremst for å «skape tro». I dette sitatet frå CA V, utelet han ordet «denne», i «denne tro», som i CA peikar attende til artikkel IV om rettferdiggjeringa. Han legg altså vekta på forkynning til tru, og ikkje så mykje at prestetenesta forvaltar eller fortolkar læra og teologien i denne trua.

Sitatet frå CA V blir ikkje brukt til å seie noko om kva sakmenta formidlar som nådemiddel, og dåpen blir nemnt så vidt ein gong, som det synleg teikn på Guds nåde. Han legg derimot stor vekt på årsak-verknadsdynamikken mellom evangelieformidlinga frå presten og det at tru blir skapt.

...du må ville noe som prest: Kalle mennesker til tro på Jesus Kristus, han som elsker oss. (Reinertsen)

Også når han i teksta her snakkar om «å ville noe» i tenesta, så er det forkynninga han snakkar om. Han siterer Eidslott: «At dine ord dikter må være et ladet ord som bærer verden». Å tale «lada ord» blir så brukt med meininga at menneske skal bli frelst. Vekta i tekstene hans ligg altså på at presten vitnar og kallar til tru. Han understrekar at eit «vitne kommer ikke med egne ord og meninger, men ordet fra Han vi er et vitne for». Presten overleverer noko som er uavhengig av tid og stad.

I materialet frå Fiske trer det ikkje fram eit tydeleg verb for forkynninga, slik som hjå dei to andre. Det er likevel særtrekk ved måten ho skriv om forkynning på.

Evangeliet sprenger grenser hele tiden. Jesu fødsel satte i gang en bevegelse som aldri har opphört. Mysteriet er at Kristus gjenkjennes stadig på nye steder en kanskje minst venter det.(Fiske)

Det er *kvaliteten* ved evangeliet som blir trekt fram, og som må få styre måten det blir formidla på. I Fiske sine tekster ligg vekta i forkynninga på at den må vere opnande. Dette er det sentrale perspektiv på forkynninga i hennar tekstar.

*For Guds nåde er blitt åpenbart til frelse for alle mennesker.* Å arbeide i kirken handler om å avdekke og belyse dette i møte med alle mennesker. (Fiske)

Oppdraget er å tene alle menneske med evangeliet. Ho nyttar her Titus 2,10 for å understreke at nåden er openberra for alle, difor må presten formidle evangeliet slik at det opnar opp. Kyrkja sitt kall er alltid, i ord og handling å «huske hvordan Jesus møtte mennesker og hvordan det fører mennesker i livets og håpets retning».

Som vi såg ovanfor legg ho vekt på det kyrkjekonstituerande ved *at* forkynninga skjer. Sentrum i forkynninga er at Gud er ein nådig Gud, som vil menneska «alt godt til liv og salighet», som ho seier det.

Gud henvendte seg og henvender seg på en måte som gjør at vi ikke trenger å kjempe for å nå tak i Gud. Guds kjærlighet, nærvær og nåde er for oss, og er midt i blant oss. (Fiske, 20)

Denne bodskapen er det presten skal gjere tilgjengeleg for menneska gjennom si forkynning. Kyrkja har ikkje yttergrenser, men har eit tydeleg sentrum i tiltala frå Gud. I presten sitt ansvar for forkynninga, må prestetenesta trygge at evangeliet når fram dit det skal. Testen på om evangeliet blir forvalta godt, er at menneske blir reist opp og at evangeliet får flyte fritt til menneska.

Som vi har sett, så finst det ulike teologiske logikkar rundt forkynninga i tekstkorpuset. Ein legg tyngda på presten som *vitne*, en annan som legg tyngda på presten som *tolk* og den tredje som legg vekta på å *opne opp* evangeliet for alle.

Vidare kjem det fram i analysen at presten som tolk inneber eit større fokus på dei ho skal tolke evangeliet for. Det same gjeld, i tekstene som legg vekt på at presten har som oppgåve å opne opp. Tekstene om presten som vitne, skriv i mindre grad om mottakarane av bodskapen. Det fører oss over på ei anna sentral oppgåve, eller perspektiv påtenetsa, som vi har vore innom ovanfor.

### 3.6.2 Diakonale perspektiv på tenesta

I lovnaden i vigslingsritualet står det om «omsut og forbøn for det einskilde mennesket». Fleire tekster har eit breitt perspektiv på tenesta med ord og sakrament, og det omfattar fleire sider av livet og formidlinga inn i samfunnet (sjå også 3.5.4).

Det å være prest i vår folkekirke, er å være plassert midt i verden – overalt i landet vårt finnes det en kirke. Budskapet er rotfestet på nettopp de stedene vi mennesker lever våre hverdagsliv (Fiske)

Fiske understrekar det kyrkjeloge nærværet på kvar plass, at presten må kjenne staden der ho skal arbeide, og vere medviten om at evangeliet vedkjem folk sine alminnelege livserfaringar.

Noko i same retninga finn vi hjå Sommerfeldt, når han skildrar presten sine oppgåver i det daglege.

...ledsager av mennesker på deres pilegrimsvandring fra vugge til grav og deltager i å bygge gode lokalsamfunn i en fremtid som skal være bærekraftig for kommende generasjoner. Bønn og arbeid for alle slags mennesker i alle slags situasjoner, det er oppdraget du nå blir overgitt. (Sommerfeldt)

Her ser vi presten verksam gjennom kyrkjelege handlingar på vegen gjennom livet. Presten har ei oppgåve i å følgje menneske, delta i deira gleder og sorger og løfte liva deira fram for Gud. Liturgen og godstenestepresten ligg mellom linjene her. Sommerfeldt er sakramenta tydelegare uttalt og utfalda som presten si oppgåve. Her er også bøna som ei sentral oppgåve for presten artikulert.

Bøna og omsorga er ein del av oppdraget, og oppgåvene til presten.

Men det er ikke alle mennesker vi klarer å like like godt som andre. Det kan noen ganger være en utfordring: Men det finnes en god vei: Nemlig å be for menneskene. Det skjer noe når vi ber for et annet menneske. (Reinertsen)

I teksten der dette er henta frå, blir nestekjærleiken løfta fram som avgjerande for prestetenesta, og det blir forankra i det doble kjærleiksbotet. Sitatet viser at bøna er ei viktig oppgåve for presten. Det handlar om omsut for dei som treng det, og om å la seg prege av den spiritualiteten som bøna leier presten inn i. Reinertsen set ord på utfordringane presten kan kjenne i å skulle tene alle slags menneske uansett kva ein kjenner for dei, men likevel kje la eigne preferansar styre måten ein tek imot menneske på.

I lovnaden i vigslunga heiter det at presten skal «rettleie og formane til sann omvending, levande tru på Kristus og eit heilagt liv i kjærleik til Gud og nesten». Det er ein tydeleg skilnad på kvar dei tre ulike manuskriptsamlingane legg sitt tyngdepunkt i fortolkinga av denne lovanden. Her har vi tidlegare sett korleis Reinertsen sine tekstar legg vekta omvendinga (jf. 2.1.1.). Rettleiinga handlar her om «å kalle til tru».

Tekstene frå Sommerfeldt nyttar omgrepene «veilede» meir i retning av medvandring og støtte, som vi såg under seksjonen om presterolla.

Oppsummert ser vi at dei teologiske logikkane kring tenesta med ord og sakrament, også får konsekvensar for det diakonale perspektivet på oppgåvane.

### **3.7 Oppsummering**

Gjennom analysen av talane med særleg fokus på kva dei seier om ordinasjonen, ordinanden, relasjonar i tenesta, rollene og oppgåvane har vi fått eit innblikk i teologien i talane. Ordinasjonen er hjå alle ei liturgisk hending som stadfestar kyrkja sitt kall. Ord og sakrament er ansvaret som blir overdratt. Sommerfeldt legg stor vekt på forpliktinga i den nye identiteten i ordinasjonen. Reinertsen legg vekt på kva presten skal gjere. Fiske legg vinn på ordinasjonen som noko som styrkar den enkelte og knyt tenesta til eit større oppdrag. Desse perspektiva ser vi også går att i det dei seier om ordinanden. Alle legg vinn på persondimensjonen ved å bli prest. Sommerfeldt understrekar sterkeare det naudsynte i theologisk kunnskap. Reinertsen er oppteken av koreis gode eigenskapar er viktige for tenesta. Fiske er opptatt av integrasjon mellom person og teneste. I synet på kyrkja, og kyrkja i samfunnet, skil Reinertsen seg mest ut frå dei to andre, i det han kommuniserer lite om kyrkja som anna enn trusfellesskapet. Alle tre viser til utfordringane i det å bere presterolla. Sommerfeldt er den som klarast kommuniserer rolla som ei positiv moglegheit til å representere kyrkje og utøve presteteneste. Synet på forkynninga i talane viser også tydelege skilnader i theologisk heilskapssyn. Dette får også konsekvensar for kor vidt ein forstår kva det vil seie å forvalte Ordet.

## **4. Diskusjon**

Eg har ovanfor gjort ein analyse av 21 ordinasjonstalar. Manuscripta fra dei tre biskopane viste seg å ha distinkte særtrekk. Det avgrensa tekstuvalet gjer det sjølvsagt umogleg å identifisere desse særtrekka som den enkelte biskops pastoralteologi.

Eg vil her likevel teikne opp tre *skisser* til pastoralteologiar, med bakgrunn i tekstene eg har analysert (4.1). Eg har valt å kalle det presteskisser, fordi dei bygger på eit lite utval av tekster, og ikkje tek for seg ale sider ved pastoralteologien. Likevel meiner eg dei viser distinkte theologiske logikkar om identiteten og oppdraget å prestetenesta. Eg kjem til å legge vekt på særtrekka i kvar skisse, meir enn på nyansar og likskapar, for å få fram ulike posisjonar som er relevante for pastoralteologien i dag. Eg vil dernest sjå presteskissene i lys av nokre pastoralteologiske posisjonar og diskusjonar (4.2).

## **4.1 Presteskisser og pastoralteologiske logikkar**

### **4.1.1 Presteskisse A: Prestetenesta som identitet**

Presteskisse A baserer seg på Sommerfeldt sine ordinasjonstaler. Den pastoralteologiske logikken byggjer på tanken om at presten må ha ei tydeleg definert rolle.

Den rolla presten blir ikledd i vigslinga, skaper eit tillitsrom, der folk skal vere trygge på at dette er ein person som representerer kyrkja og har fullmakter frå kyrkja. Logikken føreset at presterolla blir forbunde med positive forventingar, og at tilliten ikkje blir misbrukt av presten. Difor blir det understreka at vigslinga som liturgiske hending forpliktar presten. Vigslinga pålegg presten å forvaltar ord og sakrament med truskap mot kyrkjas lære og ordningar. Det er føresett at dette er ei livslang teneste. Tekstene teiknar opp store visjonar for prestetenesta, men åtvarar også mot slagsidene ei slik rolle kan få om autoriteten blir misbrukt.

Forkynning i vid forstand er presten si hovudoppgåve. Den bibelske bodskapen skal ikkje berre skal overleverast, det må tolkast i si tid og i sin kontekst. Vigslinga er eit kall og ei forplikting til å bruke si utdanning og sine nådegåver i ei «tolketjeneste». Presten skal fortolke skrifta ikkje berre for seg sjølv, men på vegner av kyrkja. Denne fortolkinga kan berre skje ved Den heilage ande, slik vigslingsritualet også formidlar.

Å bli vigsla til prest er å tre inn i ein større samanheng av vigsla prestar, i tekstene kalla «det universelle presteskap». Det blir understreka at prestar ikkje tilhører «en egen åndelig superklasse» og ikkje har «særlege kvaliteter eller spesielt religiøse og kristne kvaliteter», men likevel har ei særskilt teneste. Det som konstituerer dette «universelle presteskap» er vigslinga og den særlege forpliktinga som ligg i den.

Å framheve prestetenesta som ein gruppeidentitet i felles oppdrag, er særmerkt for denne logikken. Dette knyt skissa til den apostoliske suksesjon, forstått som det særskilte ansvaret for læra og evangelieformidlinga. Talene skildrar fellesskapet i høgtidelege vendingar, som eit «spesialisert oppdrag» og som ein «pillar i opprettholdelsen og videreutvikling av den kristne kirke». Prestetenesta er difor naudsynt for kyrkja. Kyrkja og bodskapen er universell. Difor må prestetenesta vere økumenisk orientert, og bevisst på den større samanhengen Den norske kyrkja er ein del av, både verdsvidt og eskatologisk.

Skisse A legg eit folkekyrkjeleg perspektiv på prestetenesta i soknet, men løftar blikket ut over den lokale kyrkjelyden til den universelle kyrkja. Vigslinga har si forankring i dåpen, og kviler i dåpens nåde. Presten får sin autoritet frå kyrkja og Gud i vigslinga. Dette gir presten ei definert rolle overfor kyrkjelyden, men ikkje ein annan status overfor Gud enn alle andre døypte. Tenesta er ein del av kyrkja sitt samla oppdrag, og samstundes står ho overfor kyrkja med bodskapen, og er sendt til kyrkja. Kyrkja er meir enn det enkelte menneske si overtyding. Skissa fokuserer ikkje på kyrkjelyden som vedkjennande fellesskap, andre medarbeidrarar i kyrkja si rolle, eller den aktive kyrkjelyd. Saman med det sterke fokus på prestefellesskapet, gir dette eit inntrykk av at mykje av oppgåvene og ansvaret i kyrkja kviler på presten.

Eit sakramentalt syn på kyrkja og prestetenesta ligg til grunn for denne pastoralteologiske logikken. Presten viser veg til heilage rom, også i overført tyding, og arbeider for at Guds rike skal bli synleg i livet. «Slik som i himmelen» frå Fadervår og Den norske kyrkjas visjon «Meir himmel på jord», blir brukte som visjonar for tenesta. Presten forvaltar symbolhandlingane og sakmenta for fellesskapet, og formidlar Guds nåde inn i det enkelte menneskeliv. Her er omgrepene «ledsage» og «veilede» sentrale omgrep, ved den «tolketjeneste» presteskisse A teiknar opp.

Å «ledsage» handlar om å tolke evangeliet med nærleik til sitt eige og andre menneske sine liv. Dette har o ei sterk diakonal side ved seg. Presten som rettleiar og følgje ser kyrkja som ei skapande kraft til endringar i samfunnet, mot meir inkluderande og mangfaldige fellesskap, og betre omsyn til Guds skaparverk. Djupast sett omfattar den særskilte tenesta med ord og sakrament alle områder av menneskelivet.

#### **4.1.2 Presteskisse B: Prestetenesta som funksjon ved kyrkjelyden**

Presteskisse B baserer seg på tekstene frå biskop Reinertsen. Denne teologiske logikken ser prestetenesta som ein funksjon av kyrkjelyden. Manuskripta gjer dette tydeleg, ved å bruke spørsmål i retning «hva skal vi med prester?» eller «hva skal du gjøre som prest?». Tenesta må ha ei tydeleg retning. Skisse B legg vekt på hensikta med tenesta.

Vigslinga er ei hending der kyrkja overdreg ei klart definert oppgåve; og det er å forkynne ordet slik at menneske kan kome til tru. Det handlar om å «tale om det du har sett og hørt» eller «vitne om Jesus». Det er lite fokus på det å ikle seg ei rolle. Presten blir kalla fordi kyrkja treng prestar, men også fordi ho har gode eigenskapar. Ordinanden si erfaring og kompetanse blir

løfta fram, fordi det har betydning for kyrkja. Det er folks personlege erkjenning av tru som målet for tenesta. Presten skal «skape tro på Jesus Kristus».

Skissa argumenterer med sitat frå Bibelen, CA og lovnaden i vigslingsliturgien. Guds vilje til frelse blir løfta fram, slik det kjem til uttrykk i Joh 3,16 og 1. Tim 2, 4. Difor må forkynninga av ordet stå i sentrum, slik det blir understreka i Rom 10, at trua som kjem av forkynninga. Presten skal «utfordre til tro» og her blir også likninga om det store gjestebodet(Luk 14, 15ff) trekt fram. Frelsa og forsoninga i Kristus må bli forkynt til tru og omvending. Skissa ser lovnaden i vigslig som ei understrekning av dette.

Gudstenesta er først og fremst samlinga kring ordet. Dåp og nattverd blir rekna som «synlige tegn» på Guds «usynlige nåde», og viktige «redskap», men sakramentsforvaltinga blir gitt lite merksemd. Å tolke blir ikkje nytta som eit synonym på forkynning eller evangelieformidling i denne skissa. Det er presten som *vitne* som trer fram. Presten «kommer ikke med egne ord og meninger», men skal i størst mogleg grad vere tru mot evangeliet slik det er overlevert.

Trusfellesskapet, og ikkje det sakmentale fellesskapet er staden for prestetenesta. I denne skissa er ikkje kyrkja som ordningar, eller fellesskap ut over kyrkjelyden så synleg, anna enn gjennom den vigslande biskop. Idelet er kyrkjelyden som eit familiært og intimt fellesskap. Trua blir til i fellesskapet, og den aktive kyrkjelyden er eit strategisk mål for prestetenesta. Presten skal saman med dei aktive kristne «være med å bygge menighet», og fordjupe seg i trua. Den individuelle trua konstituerer fellesskapet. Dåpen som nåde og inngang til kyrkjelyden må kome til uttrykk der. Skissa står slik i den lågkyrkjelege tradisjonen.

Det er Gud ved Anden som skaper tru, men skissa har tydelege forventningar til presten si forkynning. Det kan samlast i utsegn som: «du må ville noe som prest: Kalle mennesker til tro på Jesus Kristus». Presteteneste er å «stå i første linje med evangeliet», og kan vere ein utsett post. Johannes døyparen blir peika på som eit førebilete. Presten må stå rekne med å stå i relasjonar og oppgåver som kan vere krevjande.

Det diakonale perspektivet kviler på det doble kjærleiksboden. Presten kan ikkje gjere si teneste utan kjærleik til dei ho skal tene, for då blir ikkje evangeliet truverdig. Presten skal ha kjærleik til menneska, og be for dei. Diakonien peikar først og fremst på evangeliet. At prestetenesta eller kyrkja skal ha ei stemme inn i samfunnsspørsmål, står ikkje sentralt i denne skissa.

Det fjerde ledet i lovnaden i vigslinga, om «studium og bøn» og «trengje djupare inn i dei heilage skriftene» er særleg vektlagt i presteskisse B. Den som skal stå i formidling av bodskapen, treng sjølv å ta imot og leve med dette dagleg. Bibellesing og bøneliv er det som ber tenesta. Dette er eit imperativ i denne skissa.

#### **4.1.3 Presteskisse C: Prestetenesta som rolle og person**

Skisse C bygger på tekstene frå biskop Fiske. Den pastoralteologiske logikken i denne skissa er, at fordi evangeliet er grensesprengande, må prestetenesta tene til å opne opp tilgangen til det heilage for menneska.

Det skapingsteologiske blir gitt stort rom i skisse C. Vigslinga er ei bekrefting av ordinanden som prest og som person. Kandidatens liv og utsegn blir ikkje berre nytta som påminningar om kvalitetar som vesentlege for tenesta, men også til å styrke den einskilde som menneske. Kanskje i ei slik grad at prestetenesta som identitet og oppdrag blir underkommunisert.

Skissa viser vigslinga som ei avgjerande liturgisk hending, der den enkelte sitt kall blir bekrefta som Guds og kyrkja sitt kall. Vekta ligg også her på forkynninga. Tenesta med evangeliet skjer «midt i lokalsamfunnet» og «midt i verden».

Skisse C har Jesus som forbildet i det å stå støtt i tradisjonen, men samstundes endre på ordninger som stenger for at evangeliet skal «flyte fritt» til menneska. Kyrkja og presten må late seg inspirere av radikaliteten i Jesu bodskap. I skisse C er hovudperspektivet på prestetenesta Guds omfemnande kjærleik og nåde. Målet for prestetenesta er ikkje å styrke trusfellesskapet, men at evangeliet blir gjort tilgjengeleg. Presten skal «gå ut i verden med ord og handling». I det ligg det både nådemidla og samfunnsengasjementet.

Til liks med skisse A blir ikkje kyrkja omtalt som kyrkjelyd. Der evangeliet lyder, der er kyrkja. Dette blir grunngjeve med CA VII. Men også med utvalde bibeltekstar, som understrekar evangeliet *for alle*. Det er folkekirkja i soknet og lokalsamfunnet som er staden for presten si teneste. Presten si tilhøyrigheit til staden blir løfta fram, enten at ho skal gjere teneste der, eller at ho er oppvaksen der. Det same gjeld kyrkjeromet, som formidlar om tru og til tru, og er vesentleg for presten si teneste. Alle døypte si vigsling til teneste blir understreka, men også det særskilte ved tenesta med ord og sakrament som Gud har innstifta. Skisse B legg vinn på

relasjonane som ordinanden har stått i på sin veg til å bli prest. I den grad medarbeidarskap og kyrkjelydsarbeid kjem til uttrykk i skissene er det mest synleg i skisse C.

Dette ønskje om å vere inkluderande og bekreftande, gjer at skisse C argumenterer fram prestetenesta på ein implisitt og antydande måte. Presten hører til eit «vi», som ikkje blir definert. Det er nokre gongar å forstå som kyrkja, nokre gongar som prestetenesta(kandidaten og biskopen), og nokre gongar som det å vere menneske i sin alminnelegheit. Denne implisitte kommunikasjonen omkring prestens identitet og oppdrag, gjer den pastoralteologiske logikken i skissa litt uklar. Prestens rolle er å opne opp, men det er meir utydeleg kva det skal opnast opp til.

Midt i den implisitte og inkluderande argumentasjonen i skisse C, dukkar det meir direkte og retningsgivande påstandar. Desse er ofte sitat frå autoritative kjelder, formulert og formidla som fortetta minneord opp. Slik som; «du blir nå vigslet til å formidle at Gud er en nådig Gud som vil menneskene alt godt til liv og salighet.»(Fiske). Skisse C er høgtidsam, og samstundes personorientert. Denne presteskissa legg vinn på at prestetenesta skal vere forankra i det sakramentale og i tradisjonen, og samstundes nær og open for det levdelivet. Difor er presteskisse C opptatt av å vere tydeleg når det er behov for endringar og reformar av kyrkja.

Eg føreslår å systematisere nokre hovudomgrep i dei tre skissene som vist nedanfor. :

Tema/Presteskisse	A	B	C
<b>Hovudfokus</b>	Rolle	Funksjon	Erfaring
<b>Vigslinga som hending</b>	Forpliktar	Gir retning	Bekreftar
<b>Relasjonar</b>	kyrkja Presteskapet	Den aktive kyrkjelyden	nettverket kyrkjelyden samfunnet
<b>Roller/metaforar</b>	Visjonsberar, følgje rettleiar, tolk	Vitne/forkynnar kyrkjelydsbyggjar medmenneske	Formidlar, døropnar reformator
<b>Staden for tenesta</b>	Lokalsamfunn/ universell kyrkje	Kyrkjelyden/ trusfellesskapet	Folkekirkja/ samfunnet

<b>Oppdraget</b>	Forkynne og forvalte tolke/rettleie	Forkynne og forvalte Skape tru	Forkynne og forvalte Opne opp
------------------	-------------------------------------	--------------------------------	-------------------------------

## 4.2 Diskusjonar i tre kontekstar

Eg har ovanfor gjort greie for tre presteskisser eller pastoralteologiske logikkar, som eg meiner å sjå konturane av i analysen. Eg vil no belyse desse ut frå tre perspektiv:

1. Aktuelle embets- og ordinasjonsteologiske diskusjonar
2. Aktuelle pastoralteologiske roller
3. Aktuelle ekklesiologiske modellar.

### 4.2.1 Presteskissene og aktuelle embets- og ordinasjonsteologiske diskusjonar

I innleiinga refererte eg til Steven V. Sprinkle si bok *Ordination* og fire klassiske spenningar som han peikte på der (Sprinkle, 2004, s. 17). Han kallar dette konstruktive motsetninga, som berikar forståinga av prestetenesta (Sprinkle, 2004, s. 15ff). I det følgjande vil eg sjå dei tre presteskissene i lys av desse paradoksa.

#### *Spenninga mellom «the many and the few»*

Presteskisse B og C er meir varsame med å etablere eit skilje mellom prestetenesta og andre medarbeidarar, og mellom presten og andre kristne, enn presteskisse A. Skisse C legg vinn på den særskilte tenesta si rolle i at evangeliet får lyde og menneske bli vist veg inn i dei heilage rom, men understrekar samstundes sterkt alle sin likskap for Gud og det inkluderande fellesskap. Skisse B er klar på presten sine særskilte oppgåver, men har eit lågkyrkjeleg perspektiv på fellesskapet, der posisjonar og ytre strukturar blir tona ned, og det er samstundes høg bevisstheit om det myndige lekfolk. Den aktive kyrkjelyden samspelar med presten, og presten får sin funksjon og sitt kall til teneste i og av fellesskapet. Vigslinga blir ikkje løfta fram som inngang til eit eige prestefellesskap i skisse B og C, slik som i presteskisse A. Samstundes er det, paradoksalt nok, skisse A som sterkest understrekar dåpen som grunnlaget for ordinasjonen.

Spenninga mellom den eine og dei mange har ført prestar inn i ei rolleforlegenhet. Sprinkle viser til Osborn, som hevdar at kyrkja i sin iver etter å løfte fram det allmenne presteskap har utarma forståinga av den ordinerte tenesta og kva den betyr for kyrkja (Sprinkle, 2004, s. 18).

Han hevdar at kyrkja sitt samla oppdrag blir svekka, ved å svekke betydninga av prestetenesta. Dette finn også gjenklang i Lima dokumentet, der det heiter at for å «fullføre sitt oppdrag» treng kyrkja personar som er «offentlig og vedvarende ansvarlige for å peke på dens grunnleggande avhengighet av Kristus» (Kirkenes Verdensråd, 1983, s. 37).

Presteskisse A tillet seg i større grad å etablere eit skilje mellom dei mange og dei få. Grunngjevinga for dette er at kyrkja skal oppfylle sitt oppdrag. Presteskapet er ei gruppe som presten både hentar åndeleg og fagleg styrke frå, til beste for kyrkja som eit heile. Skisse A si teoretisering omkring identiteten i det «universelle presteskapet», ser ut til å vere inspirert av eit meir høgkyrkjeleg og økumenisk syn på prestetenesta, og understrekar både ansvaret og støtta det i å høyre til den ordinerte tenesta.

Ein kan stille spørsmålsteikn ved korleis retorikken om den særskilte tenesta kommuniserer. Går det an å balansere intensjonen om ei tydeleg rolle, med eit meir moderne presteideal der presten er meir alminneleg? Trass i understrekkingane om at alle er like for Gud i dåpen, kan skildringane i skisse A av det tette prestefellesskapet gi eit inntrykk av at den geistlege er utskild frå kyrkjelyden og andre tilsette. Det er uheldig i ei kyrkje der delaktigkeit og tverrfagleg samarbeid er kjerneverdiar i arbeidet. Ei presteskisse som teiknar prestetenesta som spesiell og utsundra finn ikkje nødvendigvis gjenklang hjå nyutdanna prestar. Det opphøgja biletet av presten i skisse A kan synest vanskeleg å leve opp til. Det oppstår fort ei spenning mellom ein slik måte omtale prestetenesta på og moderne ideal om flate strukturar og dialogorientert leiarskap.

Denne spenninga mellom å ville løfte fram det naudsynete i den særskilte tenesta, og samstundes anerkjenne dei andre tenestene og likskapen for Gud, er eit reelt dilemma. I spørsmålet om vigsling til presteteneste, og kva implikasjonar det har for prestetenesta må ein klare å ha to tankar i hovudet samstundes. Skisse C nærmar seg dette dilemmaet med mindre tydelegheit. Her finn vi meir implisitt tale om prestetenesta som ein del av kyrkja sitt samla oppdrag, og ei vekt på det alminnelege livet som alle lever som ein del av prestens identitet.

*Spenninga mellom «functional and sacramental models of ministry».*

Spørsmålet om kva som skjer i vigslinga har følgt kyrkja lenge, seier Sprinkle. Skal ein forstå det som ei sakralental handling eller berre som ei overdraging av ein funksjon? Her dreier det seg om kven presten er ein representant for(Sprinkle, 2004, s 21ff)

I den funksjonelle tilnærminga er presten, til liks med andre kristne, lem på Kristi lekam. Ho representerer tenesta åt Guds folk i kyrkja. Dette er ei forståing med utgangspunkt i det allmenne presteskap, og alle kristne si tenesta for Gud. Når nokon blir gitt særleg ansvar og autoritet, er det fordi dei innehavar personlege eigenskapar og nådegåver som gjer dei skikka. Ordinanden gjer seg fortent til tilliten, og blir bekrefta som kalla til å fylle den tenesta kyrkja treng. Logoikken ligg tett opp til presteskisse B. Her blir eigenskapane til ordinanden løfta fram som årsak til at nokon blir kalla til prest, og «kva kyrkja skal med presten»» er sterkt veklagt. Alle tre skisser løftar fram prestens gode eigenskapar, men skisse B som koplar tydelegast person og funksjon.

Dei som argumenterer for denne forståinga viser til at Paulus og Jesus framstilte leiarskap som tenesta, og ikkje som overdraging av makt og autoritet. Skisse B nyttar også denne type argumentasjon. Presten sin identitet ligg i den funksjonen ho har som vitne for Ordet. Det bibelske grunnlaget for tenesta står i sentrum, og Moses og døyparen Johannes blir løfta fram som førebilete for prestetenesta.

Ei funksjonell tilnærming til vigslig og prestetenesta kan rime godt med vår samtid sin skepsis til hierarkiske strukturar og posisjonar. Utfordringa er fokuset det legg på presten sine personlege eigenskapar og kva presten har oppnådd. Eit høgt aktivitetsnivå i kyrkja må til for at presten har oppfylt sitt oppdrag. Presten får sin autoritet av fellesskapet på grunn av si dyktigkeit. Eit slikt fokus på personen kan bli ei stor belastning for den enkelte. Autentisiteten og tilliten må du gjere deg fortent til. Ein slik erverva autoritet, tett knytt til eigen person, er det kanskje større risiko for å misbruke til eiga vinning og ære.

Den sakramentale tilnærminga vil peike på at tenesta er meir enn ein funksjon som skal fyllast. Sprinkles skriv med referanse til den protestantiske og reformerte tradisjonen i USA.

Nokre av desse vil hevde at vigslig er meir enn ei overdraging av ein funksjon. Det handlar om å få å overdratt autoritet. At ordinasjonen gir presten myndigkeit til å representere i og på vegner av kyrkja. Tenesta høyrer til kyrkja, ikkje til den enkelte prest. Rolla er tiltrudd den enkelte av kyrkja, men har si forankring i Kristus og har sin autoritet frå han (Sprinkle, 2004, s. 26). Thomas hevdar at ei meir sakramental forståing av vigsliga kan motvirke to fallgruber, både det å opphøgje seg sjølv, men også det å utføre tenesta som ein rein jobbinnstruks. Ein

treng ikkje sjå på vigslinga som eit sakrament for å forstå at det er ei heilag teneste å formidle evangeliet om Guds rike, hevdar Thomas.

Dei tre presteskissene baserer seg alle på at presteten vert kalla og sendt av kyrkja. Ingen framstiller prestetenesta som ein eigen stan eller som mellommann mellom Kristus og kyrkja. Alle tre skissene er prega av ei forståing av at presten representerer bodskapen frå Gud til kyrkja. Men vi har sett at Skisse A legg stor vekt på rolla, snarare enn funksjonen. I den sakramentale tilnærminga stiller Skisse A seg mest på linje med Thomas, som referert ovanfor, og går kanskje endå lenger i å utmeisle ei sakral forståing av vigslinga. Her er det vekt på å ikle seg ei rolle som representerer noko større for folk, enn dei oppgåvane presten utfører. Det handlar om å vere ein symbolberar og formidlar av heilage handlingar, og om å følgje og rettleie inn i møte med evangeliet som gir «himmel over livet». Også skisse C sin logikk seier at presten er berar og formidlar av det heilage for menneska. Denne skissa legg stor vekt på prestens person, men samstundes at oppdraget og myndigheita ikkje berre er utgått frå kyrkjelyden, men større enn den. Presten er kalla av Gud og kyrkja, til å ta del i Guds misjon og bere bevisstheit om at «Mysteriet er at Kristus gjenkjennes stadig på nye steder en kanskje minst venter det».

### *Spenninna mellom «themes of office and gift»*

Det er eit spenn i synet på kva som er startpunktet for presten si teneste. Alle kyrkjer legg vekt på det ytre kallet til teneste. For slik kyrkja er kalla av Kristus, må presten også ha eit ytre kall.

Men kva tyder det å bli kalla til prestetenesta (Sprinkle, 2004, s. 34)? På den eine sida er det ei utpeiking ( gresk «chereitonen») av dei som har gåver til å leie og forkynne, og det bibelske grunnlaget for dette. På den andre sida vigsling, å bli sett inn i ein orden eller eit embete. Å ordinere som omgrep, viser attende til romersk rett, men vart frå Tertullians tid brukt om å bli gitt ein funksjon, innsett i eit ansvar og ei myndigkeit.

Sprinkle peiker på at kva ein ser som prestetenesta sitt utgangspunkt, vil avgjere korleis ein ser på prestens identitet. Om ein tenker at prestetenesta sitt utgangspunkt er «an office to which one succeeds», så blir tanken om differensiert tenesteteologi naturleg. Om ein derimot tenker at utgangspunktet er at kyrkjelyden kallar den dei meiner er mest eigna til teneste, så blir prestens identitet først og fremst ei oppgåve. Dette er interessante spenningar også for vårt materiale (Sprinkle, 2004, s. 35)

Overfører vi denne spenninga til våre tre logikkar ser vi at skisse A legg størst vekt på ordningane og lojaliteten til desse. Presten er kalla til teneste inn i ein sterk tradisjon, som er vidareutvikla heilt frå tida til apostlane, og har ei forplikting til denne. Her ser vi tydeleg vekt på at presten går inn i ei teneste som gir ein ny identitet, som ikkje er forankra primært i kyrkjelyden, men i den universelle kyrkja og i det særskilte prestefellesskap. Vigslinga blir formidla primært som ei forplikting og ei rolle ein ikler seg, noko som understrekar vigslinga som ordo, eller ordning.

Skisse B ser utgangspunktet for tenesta i kyrkjelyden, som kallar og sender ut frå den enkelte sine gåver, slik det står; «vi har også sett deg, hvem du er og hvilke ferdigheter du har, og vi har kalt deg.» Her er det oppgåva som definerer prestens identitet. Denne skissa legg vekt på vigslinga som retningsgivande. Sitat frå liturgien og bibeltekstar blir nytta i tekstane for å gi retning og målsetnad til tenesta. Det tyder ikkje at ordningane og forpliktingane på dei er uvesentlege, men dei er har oppgåvane og utviklinga av kyrkjelyden som siktet.

Skisse C har ikkje ein så tydeleg logikk i dette spørsmålet. På den eine sida ligg utgangspunktet for tenesta utanfor kyrkjelyden, i Guds misjon. Trosfellesskapet blir ikkje løfta fram som tenesta sitt utgangspunkt. Vekta ligg på det grensesprengande evangeliet, som kjem til menneska. Den særskilde tenesta er naudsynt, fordi kyrkja er der evangeliet blir forkynt. Dette minner mest om presteteneste som embete og ordning. Men på den andre sida legg skissa stor vekt på prestens veg til teneste, og at denne vegen går gjennom kyrkjelyden som såg dei og ga dei utfordringar. Det ligg også ei stor grad av ordnings- og makkritikk i denne presteskissa. Personen og dei menneskelege omsyn får mykje fokus, og vigslinga vert skildra som det å bli « på en særskilt måte omsluttet av kirkens forbønn». Det stadbunde i denne presteskissa, og vekta på livserfaringane knyter også tenesta til kyrkjelyden som utgangspunkt. Vigslinga blir formidla som ei styrking til teneste. Prestens identitet ligg både i det å gå inn i ei rolle, og ei ordning som er forut for presten, men også i det å bli styrka til teneste i lokalkyrkja.

*Spenninga mellom «models of ambassador and servant».*

Kva betyr det å vere ein tenar(«minister») for Ordet? Sprinkle peikar på at presten både formidlar evangeliet, og sjølv blir utfordra av det. Korleis skal ein forstå «minister» eller presteteneste i diakonia-perspektiv?, spør han (Sprinkle, 2004, s. 45ff). Ein kan sjå dette omgrepet langs to linjer:

Den første er presten som talsmann eller ambassadør, peika ut til å gjere teneste på vegner av sin herre med delegert autoritet til å representer. Den andre er presten som audmjuk tenar, som gir avkall på autoritet og status. Her er Jesus og Paulus forbilda, og tenaren må forvente motgang og prøvingar. Litt karikert kan ein altså spørje: Blir presten ordinert til ei teneste med myndigkeit og ære, eller til ei teneste som avviser verdslege normer for status og makt? (Sprinkle, 2004, s. 46).

Begge desse måtane å forstå prestetenesta på blir utfordra av samfunnsendringane. Hierarkiske strukturar og posisjonar er ofte forbunde med misbruk av makt, og kan verke å stå i motsetnad til den bodskapen presten skal vere talsmann for. Samstundes er tenaridealet ikkje så lett å kommunisere inn i ein kontekst der fridom, og det å vere uavhengig og sjølvstendig blir sett på som eit ideal. Sprinkle peikar på at denne spenninga likevel kan vere eit fruktbart paradoks for å forstå det særskilde ved prestetenesta sin identitet. Han refererer til Torrance, som skreiv i eit festskrift til Karl Barth at relasjonen mellom å ha autoritet og å vere miskunnsam, som gjer «Christian ministry unique» (Sprinkle, 2004, s. 46). Når kyrkja snakkar om å vere fri til å tene, så samlar det opp i seg paradokset i Bibelens bodskap om kva kristent tenarskap er, hevdar han.

Alle tre skissene nærmar seg prestetenesta med ei bevisstheit om at prestar går inn i ei teneste som er tiltrudd dei, og som ikkje bygger på makt og status, men på kallet og på det naudsynte i tenesta. Dette er ikkje noko presten søker på eigne vegner, sjølv om det er personleg motivert av eigne interesser, eit erfart kall, eller ønskjer om å bruke sine evner i kyrkjeleg arbeid. Dette er ei teneste for Gud og menneska. I alle logikkane er Jesus sitt spørsmål, «Kva vil du eg skal gjere for deg?» ein grunnverdi for prestetenesta. Kjærleiksbotet og det inkluderande i evangeliet vert veklagt, sjølv om ulike kyrkjesyner gjer at hovudmålgruppe eller kontekst for tenesta varierer frå skisse til skisse.

Skisse A er den som sterkest set fingeren på paradokset mellom autoritet og teneste, og let det vere ein del av prestens identitet. I ein av tekstene skriv Sommerfeldt: «at du ikke lenger representer deg selv, men Den treelege Guds kirke» (sjå pkt 2.5.2). Prestens autoritet ligg ikkje i henne sjølv, men i det kall og dei forpliktingar ho tek på seg. Samstundes kan denne skissas vektlegging på identiteten i eit universelt presteskap, som eg har peika på ovanfor, få ei slagside mot noko opphøgja. Det blir rett nok åtvara mot maktmisbruk i tekstene, men ein kan spørje seg om det ville vere ein fordel for denne presteskissa å feste autoriteten å prestetenesta sterkare

i kyrkja, og noko mindre i det universelle presteskap. Å erkjenne sin autoritet, kan også skape varsemd i måten ein utøver si teneste på. Sjølv om skisse A er den som går lengst i å profilere presten som ambassadør, er det også denne skissa som sterkest vektlegg kyrkjas diakonale og tenande aspekt. Det er nærliggande å tenkje at Sommerfeldts bakgrunn frå økumenisk og internasjonalt arbeid, og samstundes leiar for ein diakonal bistandsorganisasjon, har prega hans fortolkinga av prestetenesta i spennet mellom det å bere autoritet og å vere tenande.

Skisse B forankrar autoriteten, og det presten er ambassadør for, direkte i Skrifta og vedkjenninga. Det heng saman med eit meir funksjonelt syn på prestetenesta enn skisse A, (jf. 4.2.2.). Skisse B legg vekt på at presten skal vere ambassadør for bodskapen, men ikkje i same grad representant for ei universell kyrkje eller eit presteskap. Det er sjølve bodskapen om frelsa i Kristus presten skal vere ambassadør for. Dette er eit tydeleg sentrum for tenesta. Autoriteten ligg ikkje først og fremst i vigslinga, men i om presten maktar formidle bodskapen på ein truverdig og god måte. Vekta ligg mest på det å vere frimodig herold, og mindre på å fortolke bodskapen i møte med det enkelte menneske sin situasjon. Det er presten som evangelist vi ser i skisse B, som har som tydeleg mål å legge fleire til flokken, og der tenesta for den enkelte også står i det perspektivet, at bodskapen skal bli truverdig. Det diakonale ved tenesta som eit mål i seg sjølv, berre for menneska si skuld, er lite vektlagt.

Presteskisse C viser paradokset mellom autoritet og den miskunnsame tenar ved å sette menneskelege livserfaringar i sentrum for presten si teneste. Perspektivet her at prestetenesta er ei teneste nedanfrå. Medan skisse B legg vekta på kva som tenar evangeliet, har Skisse C kva som tener menneska. Det ligg som eit grunnpremiss å «prøve våre ordningar og regler på om de virker for menneskenes skyld». Det er det grensesprengande ved evangeliet at «Kristus gjenkjennes på stadig nye steder», som er drivkrafta for tenesta.

Skissa si meir implisitte framstilling av prestens identitet og oppdrag, vitnar om ei varsemd i å skilje presten ut som noko særskilt i høve til andre tenester i kyrkja. Dette kan vere eit bevisst val om å inkludere, som underbygger skissa si vekt på at prestetenesta alltid skal opne opp. Eller det kan vere eit slags svar på at presten har blitt forstått som autoritær. Her trår altså skisse C langt meir varsomt enn skisse A. Samstundes festar skisse C prestens autoritet tydeleg i vigslinga og rolla ho tek på seg, og i kallet frå Gud og kyrkja. Dette blir grunngitt med formuleringar frå liturgi og tradisjon. Skissa løftar sålast fram begge sidene ved tenesta. Sjølv

om det nok er mest vekt på perspektivet nedanfrå. Det er det som er til gagn for menneska som pregar presteskisse C. Evangeliet krev denne inkluderinga og openheita mot alle menneske. Her heng bilete av presten som autoritet og tenar, sterkt saman med kyrkjesynet, som vi kjem attende til nedanfor. Idealet er at «å være prest i vår folkekirke, er å være plassert midt i verden». Samstundes finn ein i skisse C ei vektlegging av det sakramentale ved tenesta, som gir presten autoritet til å formidle Guds nåde for alle slags menneske.

#### **4.2.2 Presteskissene og aktuelle pastoralteologiske roller**

Michael Klessmann skriv i sin pastoralteologi om som eit nyttig innsteg til forstå kva prestetenesta er (sjå 1.4.2). Dei tre presteskissene som vi no har drøfta i lys av ordinasjonen, viser kvar for seg ei fortolking av prestens rolle eller identitet. Eg vil i denne seksjonen spegle desse logikkane mot dei tre presteideal frå nyare tid, som eg gjorde greie for i 1.4.2.

Den første presteideal er presten som «Zeuge des Wortes Gottes». Dette er idealet å den dialektiske teologien. Her må prestens person tre i bakgrunnen, og prestens livserfaringar blir rekna som eit hinder for forkynnargjerninga. Prestetenesta er utelukkande teologiske bestemt. Tenesta må frigjere seg frå både samfunnet og kyrkjelyden sine forventingar. Denne tenkinga om prestetenesta var svært utbreidd heilt til midten av førre århundre, og fristiller presten frå forventingar frå både kyrkjelyd og samfunn (Klessmann, 2012, s. 154). Idealet kan minne om sitatet frå Smemo.

Talene har ikkje objektivitet som eit presteideal, der presten skal vere ein tenar utan eigne behov eller historie. Dei formidlar tvert imot stoff om personlege prosessar, trushistorie og livshistorie. Den presteskissa som i særleg grad går på tvers av Smemo og den dialektiske teologi sitt ideal, er skisse C. Her er det nettopp «interessen for verden» som er utgangspunktet for at presten skal kunne fylle den rolla ho skal ha.

Den presteskissa som slektar mest på idealet frå den dialektiske teologi er skisse B, der å vitne for Ordet er presten si viktigaste oppgåve. Å «skape tro» er formulert som hovudmålsetnad. Men som vi har peika på ovanfor, har skissa eit funksjonalistisk syn på tenesta, og eit fokus på eigenskapane til presten, som skil seg frå dette presteidealet. Men skisse B har likevel lagt mindre vekt på mottakaren av bodskapen, og konteksten det vert forkynt i enn dei andre to. Det rimar meir med ei strengt teologisk bestemt presteteneste, der omvending til rett tru er det einaste målet i møte med menneske. Det rituelle fellesskapet, og prestens kompetanse i

livstolking og medvandring er lite synleg. Den svake vektlegginga av dåpen i skisse B, kommuniserer at det berre er dei aktive og vedkjennande kristne som er kyrkja. I den dialektiske presteidealet er det den 2. trusartikkel som er viktigast. Skisse A identifiserer seg ikkje med det dialektiske presteidealet, men står likevel støtt i tradisjonen der ikkje prestens person, men den tydelege rolla er det vesentlege. Vekta på presten som forkynnar, er dessutan eit hovudfokus i alle dei tre skissene.

Eit anna presteideal finn vi hjå Manfred Josuttis, som med sin sakramentale pastoralteologi legg vekta på presten som geistleg (Klessmann, 2012, s. 159).

Denne måten å forstå tenesta på finn vi mest spor av i presteskisse A. Her er presten som utskild og stilt overfor kyrkjelyden, noko som bli veklagt i stor grad. Presteskapet blir tydeleggjort ikkje for prestens skuld, men for at menneska skal kunne identifisere kven som kan hjelpe dei med å kome i møte med det heilage.

Skisse A legg vekt på at presten sitt hovudoppdrag er å tolke ordet inn i menneska sine liv, og følgje(«ledsage») og rettleie(«veilede») menneske til «meir himmel på jord». Her har altså presten ei heilt klar rolle i å hjelpe menneske til å kome i møte med det heilage. Dette meir sakramentale perspektivet på evangelieformidlinga finn vi også i presteskisse C. Men dei skil seg sterkt frå Josuttis, når det kjem til idealet om at presten må vere annleis og avsondra frå verdas måte å leve på, og dei representerer heller ikkje ein spiritualitet som ekskluderer livserfaringar og skapingsteologiske perspektiv.

Utgangspunktet for skisse A er at vigslinga gjer det føreseieleg for folk kva ein prest er. Rolla som prest er overdratt av kyrkja, og noko presten tek på seg som ei livslang teneste. At presten ber denne rolla skal gjere det tydeleg både for presten sjølv, og for andre kva ho representerer. Skisse A føreset ei positiv forventing til kyrkja og til presten. Det er i mange tilfelle reelt, men der er fleire faktorar som tilseier at presten må arbeide for å vinne denne tilliten.

I tenesta erfarer prestar også fordommar og skepsis, dels på bakgrunn av eigne og andre sine erfaringar, men kanskje like mykje fordi forventingane er forma av stemmer i det sekulære samfunnet som framstiller religion som sært og rart. I ein kontekst der forventingar og erfaringar med presteteneste og kyrkje er meir samansette, blir føresetnaden om ein samanheng mellom vigsling og tillit vanskelegare å rekne med. Samstundes viser det seg at sjølv dei som

uttrykkjer ein skepsis til religion og kyrkje, har forventingar om kva handlingar ein prest skal gjere, og kva tradisjon ho representerer.

Ein tredje måte å sjå prestetenesta på hentar Klessmann hjå Ulrike Wagner-Rau. Ho bygger på ein pastoralteologisk logikk der samfunnsendringar påverkar prestetenesta. Prestars rolle er å knyte saman kyrkje og samfunn, og evangelium og levd liv. På terskelen finst dei som er nysgjerrige og søker mot kyrkja, difor må prestar vere «Schwellenkundige» (Klessmann, 2012, s. 172ff)

Heller ikkje dette presteidealalet er heilt likt nokon av dei tre skissene våre. Den som kanskje ligg nærmast er skisse C. Denne presteskissa er varsam med klar tale, og samstundes opptatt av folk sine livserfaringar, og dermed også livsritene. Oppgåva til presten er «å føre mennesker i livets og håpets retning» og å «opne tilgangen» til det heilage, og hugse at Gud ikkje gjer skilnad på folk. I lys av Wagner-Rau si vekt på «Schwellenkunde» ser ein endå tydelegare skilnaden i måten skrive fram prestetenesta på mellom skisse C og B. Skisse B ser presten som evangelist og har lite merksamd på *mellomroma*, og mest på trusfellesskapet. Medan i presten på tersklane ser betydninga av å stå i det opne. Vekta på det inkluderande mangfald og prestetenesta som ei kraft i samfunnet finn ein også sterkt poengtert i presteskisse A. Her blir prestetenesta ikkje i same grad sett i lys av det heilskaplege kyrklelege oppdrag, eller dei lokalkyrklelege utfordringane, men skissa legg stor vekt på desse at presten møter menneske ved tersklane mellom liv og tru.

Presterolla i relasjon til menneskeleg erfaringar er blitt styrka, også liturgisk i Den norske kyrkja. Vi ser ei bevisstgjering av betydninga dei kyrklelege handlingane har for kyrkja og dei som høyrer til der. Nye liturgiar for kasualia og i gudstenestereforma speglar meir vektlegging av menneskeleg erfaringar. I dåpsritualet er barnet no tydelegare eit subjektet i dåpen. I gravferd er det meir merksemål på sjølve hendinga. I gudstenester er involvering og kontekstualisering løfta fram som viktige verdiar. Liturgien for vigslig til prest er ikkje blitt revidert. Personleggjeringa i ordinasjonstalene høver inn i ei liturgiforståing, som ser hendinga meir nedanfrå, enn vigslingsritualet elles.

Vi har no diskutert skilnader og likskapar mellom dei tre presteskissene og tre aktuelle pastoralteologiske roller. Det vi først og fremst har sett er at skissene har sin eigen indre logikk, men hentar inspirasjon frå ulike pastoralteologiske tradisjonar. Presterolla har endra seg i takt

med samfunnet elles. Også i skisse B, som er den mest innadvendte i høve til samfunnskontekst, er i si rolleforståing prega av samfunnets målretting og individfokus.

#### 4.2.3 Presteskissene og aktuelle ekklesiologiske modellar

Kyrkjessynet er ein vesentleg faktor i den teologiske logikken i presteskissene. Eg vil no bruke dei tre ekklesiologiske modellane som Tron Fagermoen teikna opp i sin artikkel (Fagermoen, 2016), for å drøfte kyrkjessynet i dei tre presteskissene. Sjølv om modellane er teikna til eit anna formål, meiner eg det er fruktbart å bruke dei som spegl også i denne samanhengen.

Den «klassiske» folkekyrkjetanken finst framfor alt i skisse C, som vektlegg at kyrja er der evangeliet blir forkynt, og evangeliet er kyrkjekonstituerande. Grunngjevinga ligg i ein kombinasjon av CA V og VII: «for at dette skal lyde på ethvert sted». Evangeliet må festast til livet på ein konkret stad, som presten må identifisere seg med. Fagermoen knyt denne folkekyrkjetanken til 1. trusartikkel, og i skisse C ser vi ei klar vekt på dei menneskelege aspektet ved vigslinga og tenesta. Allmenne livserfaringar finn livstolking i lys av evangeliet om Guds nåde til alle, som presten forkynner i «ord og handling». Det sakramentale fellesskapet er vesentleg, men sjølve sakramenta er lite profilert i skisse C. Kyrja har sitt sentrum i Kristus, men har ingen yttergrenser, difor må presten arbeide for å opne opp. Kyrkjelege ordningar som står i vegen for at evangeliet kan røre ved menneskelivet, må endrast.

Skisse A ligg også nær denne modellen, og ser ord og sakrament som konstituerande for kyrja. Prestetenesta er naudsynt i dette. Kristus og hans evangelium, formidla gjennom nådemiddla, er sentrum for kyrja. Skisse A legg vekt på livstolking og «ledsagelse», i møte med det enkelte menneske og i ulike situasjonar. Verken A eller C nyttar ordet «menighet» om kyrka. Lokalsamfunn og kyrje er til dels samanfallande i begge skissene. Kyrja er der evangeliet blir formidla, og meir enn gudstenesteforsamlinga, eller dei kyrkjeaktive.

Skisse A skil seg likevel noko frå denne folkekyrkjemodellen, fordi den har eit vidare blikk enn kyrja på staden, og i større grad ser kyrja som eit sakramentalt og universelt fellesskap. Dette forsterkar skissa gjennom prestens identitet i «det universelle presteskap». Lina blir dratt tilbake til urkyrja, og til den verdsvide og eskatologiske kyrja.

Fagermoen peikar på at *den «klassiske» folkekyrkjemodellen* legg stort ansvar på presten og dei kyrkjelege tilsette. Dei kan framstå som kyrja sitt subjekt. Den klare fortolkings- og

rettleiarrolla i skisse A kan forsterke dette inntrykket, også vektlegginga på identiteten i eit eige presteskap. Som motvekt til ei prestefokusert kyrkje, understrekar skisse A likskapen overfor Gud i dåpen. Det er verdt å merke seg at presten som hyrding ikkje er brukt i nokon av tekstene.

Den andre modellen Fagermoen løftar fram er *Folkekyrkja som fellesskap*. Presteskisse B har ein anna ekklesiologisk logikk enn A og C. Her er det «de helliges forsamling»(CAVII), som blir vektlagt. Også her er det ordet og sakamenta ein samlar seg om, men det gudstenestefeirande fellsskapet står i sentrum. Difor er det eit mål å bygge aktive og levande kyrkjelydar. Skisse B representerer ein lågkyrkjeleg variant av dette kyrkjesyntet, der kyrkja i større grad blir formidla som eit trusfellesskap enn som eit sakramentalt fellesskap. Skisse B ser presten si teneste som ein funksjon ved kyrkja. Oppgåva er først og fremst å forkynne til tru. Dette er endå meir vektlagt i skisse B enn i *Folkekyrkja som fellesskap*, der dåpen i større grad vert tillagt vekt inngangen til fellesskapet. Det kan gi eit inntrykk av at dåpen ikkje er tilstrekkeleg for å høyre til i fellesskapet. Eit pietistisk omvendingsideal kjem i tillegg.

I gudstenesta er det samlinga kring ordet som står i sentrum, meir enn å erfare evangeliet i liturgi og sakrament. Presten skal i samhandling med trusfellesskapet arbeide for fordjuping i trua. Prestetenesta i kyrkja må ha ei klar retning og hensikt. Alt skal tene til evangelieformidlinga, og aktivitetar som ikkje har retning inn mot gudstenestefeiringa blir ikkje tillagt stor vekt. Skisse C vil ofte resultere i tettare fellesskap og meir rekrutterande kyrkjelydar, men kyrkjas engasjement i diakoni og samfunnsspørsmål blir tona ned.

Skisse C har fokus på kyrkjelydsarbeid og delaktigheit, som kan minne om kyrkja som ein lekam, der alle har si oppgåve, men her er det gjerne lokalsamfunnet som rekrutteringsarena.

Den tredje modellen kallar Fagermo *De utestengtes folkekirke* (Fagermoen, 2016, s. 7). Denne modellen har ikkje si forankring primært i ord og sakrament, men i Jesu identifikasjon med dei utstøyte. Skisse A har ansatsar til denne modellen. Både gjennom det sterke fokuset på fortolkinga av evangeliet i møte med enkeltmenneske sine liv og samfunnsspørsmål elles, og eit verdsvidt perspektiv på kyrkja og prestetenesta, som vi finn mindre av i dei to andre skissene. Skisse C ber også i seg ei forventning om at kyrkja skal ta eit oppgjer med urettferdige ordningar, og arbeide for å opne evangeliet for alle. Men ingen av dei ser kyrkja først og fremst som dei marginaliserte.

Oppsummert kan vi seie at Skisse A har store slektskap med *den «klassiske» folkekyrkjetanken*, men utvidar den ut over den geografiske staden. I dette tangerer skissa også modellen for *dei utestengde si kyrkje*. Skisse B har mykje til felles med ein lågkyrkjeleg variant av *folkekyrkja som fellesskap*, men har meir fokus på å vere trusfellesskap enn folkekyrkjefellesskap. Skisse C er den som ligg tettast til «den klassiske» folkekyrkjetanken, men har ei meir radikal fortolking av kyrkja *for alle*, som også tangerer modellen for *dei utestengde si kyrkje*.

### 4.3 Konklusjon

Eg har analysert ordinasjonstalar for å undersøkje kva dei seier om identiteten og oppdraget å prestetenesta. Vidare har eg vist korleis talene representerer teologiske logikkar om prestetenesta i dag.

I analysen fokuserte eg på argumentasjonar om ordinasjonen, om ordinanden, på relasjonane i prestetenesta, og på presteroller. Eg teikna så opp tre presteskisser for å oppsummere logikken eg fann hjå dei tre biskopane, utan å påstå at dette er den enkelte biskops pastoralteologi. Til det er materialet i denne studien for smalt. I lys av aktuelle diskusjonar kring ordinasjonsteologi, pastoralteologi og ekklesiologi har eg til sist drøfta teologien i skissene.

Eg fann til dels store variasjonar mellom biskopane i måten dei argumenterer fram prestetenesta på. Difor hamna eg på å teikne opp ulikskapar i logikkane meir enn likskapar. Som Sprinkle peikar på, kan spenningane mellom ulik teologi utdjupe forståinga vår av prestens identitet og oppdrag (Sprinkle, 2004, s. 12ff). Slik har dette arbeidet vore fruktbart for meg.

Frå Skisse A (Sommerfeldt) får vi påminninga om det sakramentale og universelle perspektivet på prestetenesta, som ei forplikting til å fortolke evangeliet frå Gud til verda. Ein tydeleg identitet i rolla, gir tryggleik og moglegheiter både for presten og dei ho skal tene. Slagsida kan vere om ei slik rolleforståing kommuniserer med det moderne tverrfaglege arbeidsliv som pregar kyrkja i dag. Prestens identitet i ordinasjonen, plikta til å tolke og rettleie finn kanskje ikkje gjenklang i forventingar til prestetenesta frå kyrkja som organisasjon. Der fokuset er meir på oppgåvene til presten. Men det held ikkje at prestar har ei klar forståing av si rolle, om ikkje dette også er nedfelt i strukturane. Etter mitt syn er det naudsynt for kyrkja som eskatologisk og sakramental, at den teologiske grunngjevinga for prestetenesta blir tydlegare i kyrkjeordninga.

Frå skisse B (Reinertsen) får vi påminninga om at prestens hovudfunksjon er å forkynne evangeliet, og at forkynninga må vere sentral, så menneske kan kome til tru. Slagsida her er det smale perspektivet på forkynning og tru. Handlar tenesta med ord og sakrament berre om omvending? Skissa legg eit stort ansvar på presten sjølv for å skape denne trua, og definerer tru som eit spørsmål alle i kyrkja kan svare klart ja eller nei på. Fordjuping i trua er ein lengsel hjå mange i vår tid, men prestetenesta i folkekyrkja må også heile tida ha eit vidare blikk enn trusfellesskapet. Som vi har sett heng prestens identitet og oppdrag også tett saman med kyrkjessynet. Det er etter mitt syn viktig å spørje kva kyrkjessyn som ligg til grunn for kyrkjeordninga vår, og kva konsekvensar det får for presten si rolle i kyrkja i framtida.

Frå skisse C (Fiske) får vi påminninga om at presten har med seg si eiga historie inn i tenesta, og at den må brukast som ressurs til å opne opp evangeliet og kyrkja for alle slags menneske. Då blir evne og mot til å skape endringar i ordningar som stengjer vesentleg. Prestetenesta skal vere ein garantist for dette. Pastoralteologien blir teikna med litt svake strekar. Vekta ligg meir på å styrke personen som skal inn i tenesta, og inkludere nettverket til ordinanden. Dette kan kompensere for eit ordinasjonsrituale som har lite plass til persondimensjonen i tenesta.

Denne studien har synleggjort samanhengen mellom identiteten som prest og som person. Det ligg eit slags paradoks i det at skilje mellom arbeid og fritid har blitt større, medan prestetenesta som person og relasjon er blitt viktigare. Dei raske samfunnsendringane gjer at forventningane til ein prest blir stadig mindre føreseielege, og det kan gjere prestar meir usikre på rollene sine, (Klessmann, 2012, s. 210). Vi har sett at teologien om tenesta varierer også blant biskopane.

## 5. Bibliografi

- Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, ss. 3:2, 77-101.
- Den norske kyrkja. (1996). Gudstenestebok for Den norske kyrkja. Del II Kyrkjelege handlingar. I Kyrkjemøtet, *Gudstenestebok for Den norske kyrkja. Del I Gudstenester. Del II Kyrkjelege handlingar*. Oslo: Verbum.
- Fagermoen, T. (2016). Et valg mellom visjoner? En analyse av ulike kirkesyn i kirkevalgkampen 2015. *Tidsskrift for praktisk teologi*, ss. 4-15.
- Gilhus, I. S. (2021). Hermeneutics. I S. Engler, & M. Stausberg, *The Routledge Handbook of Research Methods in the Study of Religion* (ss. 314-323). Routledge.
- Hegstad, H. (2009). *Den virkelige kirke. Bidrag til ekklesiologien*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Hermelink, J. (2011). *Kirchliche Organisation und das Jenseits des Glaubens. Eine praktisch-theologische Theorie der evangelischen Kirche*. München: Gütersloher Verlagshaus.
- Kaufman, T. S., Felter, K. D., & Gaarden, M. (2016, 12 1). Person og prestetjeneste. Persondimensjonens betydning for prestens profesjonsutøvelse. *Tidsskrift for praktisk teologi*, ss. 45-57.
- Kirkenes Verdensråd. (1983). Dåp, nattverd og embete. *Limadokumentet*. Oslo: Verbum.
- Klessmann, M. (2012). *Das Pfarramt*. Göttingen: Neukirchener Verlagsgesellschaft.
- Saxegaard, F. (2020). Patoralteologi: Status og stifting. *Tidsskrift for Praktisk Teologi*, ss. 1. 90-101.
- Schmidt, U. (2012). *Stillinger, kompetanse, samarbeid. Om samarbeid og tverrfaglighet mellom stillingstyper i trosopplæringsreformen*. Oslo: KIFO.
- Smemo, J., & Red. Koppenrud, T. (1978). *Kravet og Kraften*. Oslo: Luther forlag.
- Sprinkle, S. (2004). *Ordination. The gift of Ministry*. St. Louis, Missouri: Chalice press.

Wagner-Rau, U. (2012). *Auf der Schwelle. Das Pfarramt im Prozess kirchlichen Wandels.*  
Stuttgart: W. Kohlhammer.

Vedlegg: Brev til biskopane og Godkjenning NSD

[REDACTED] November 2021

NN biskop

**Vi du bidra til min studie i tilknyting til oppgåveskriving i Erfaringsbasert master i praktisk teologi?;**

Etter mange år med ulike etterutdanningskurs, er eg no i ferd med å fullføre mastergrada mi i praktisk teologi. I oppgåva eg skal skrive ønskjer eg å sjå nærmare på korleis prestetenesta blir forstått i Den norske kyrkja, og særleg på kva rolle ordinasjonen spelar i dette. Det finst sjølv sagt mange innfallsvinklar for å undersøke dette, men eg trur det vil vere interessant å sjå nærmere på kva biskopane formidlar om prestetenesta i samband med ordinasjonen. På vegn til ordinasjon er det fleire møtepunkt mellom biskop og student, men eg tenkjer å avgrense meg til biskopens tale til ordinanden. Eg er interessert i kva som blir formilda om prestetenesta i denne særskilte situasjonen. Eg skriv difor til deg med eit ønskje om å få sjå på nokre av dine ordinasjonstalar for å studere kva teologi dei formidlar om prestetenesta.

**Føremålet med studien**

Eg ønskjer altså å studere kva presten, som teneste, er til for, og tenkjer å undersøkje det ved å analysere nokre av ordinasjonstalane til noverande biskopar. Sjølv om ein ordinasjonstale er knapp, og ofte prega av ein konkret kontekst, trur eg det vil vere interessant å sjå på kva som blir sagt, ikkje minst når ein ser fleire talar i samanheng.

Mi primære interesse er teologien om prestetenesta som teiknar seg i talane. Retoriske grep og homiletisk utforming er mindre viktig, men ikkje heilt uvesentleg heller, sidan desse talane er av ein annan sjanger og i ein annan setting enn ei tekstutleggande preike. Eg vil analysere manuscripta først ved hjelp av eit utval kodingsmetoder, deretter ved tematisk analyse. Eg vil sjå korleis ordinasjonstalane snakkar med kvarandre. Samanlikne innhald og motiv, likskapar og ulikskapar. Eg vil også sjå funna i lys av anna litteratur om prestetenesta og nyare forsking på dette området.

Eg vil understreke at materialet vi bli behandla respektfullt. Eg er ikkje ute etter å vurdere eller samanlikne kvalitetene på talene, men vil sjå kva dei formidlar. Eg er meir opptatt av konteksten talen var halden i, enn identiteten til forfattaren. Eg har vurdert om talane skulle presenterast anonymt, men har vald å ikkje gjere det. Det ville vere praktisk vanskeleg, og dei er dessutan offentlege talar. Kyrkjegeografi vil kunne vere ein faktor i teologien som blir formidla, så eg ønskjer å kunne ha moglegheit til å sjå på dei samanhengane. Personopplysingar om ordinanden i talane vil derimot bli anonymisert.

**Kven er ansvarleg for prosjektet?**

Dette er eit prosjekt som skal inngå i masteroppgåva mi i ein Erfaringsbasert master i praktisk teologi ved MF Vitenskapelig Høyskole. Min faglege rettleiar ved MF er Fredrik Saxegaard.

**Kvifor har du fått spørsmål om å bidra?**

I samråd med rettleiar har eg bestemt meg for å avgrense studien til seks-sju talar frå tre biskopar. Eg har forsøkt å tenke bidrag frå bispedøme med litt ulik kyrkjegeografi, og har landa på desse tre:

**Kva inneber det å delta?**

Eg bed altså med dette om å få tilsendt seks-sju ordnasjonstalar frå kvar av dykk. Eg ønskjer helst materiale som er frå dei siste fem åra, men du står fritt til å velje dei talane du meiner er mest representativ eller interessante. Det kan vere talar frå vigslig til ulik typar presteteneste, men må vere talar haldne ved ordinasjon til prest. Om du har høve til å legge ved nokre korte opplysningar om konteksten for talane, ville det vere nyttig.

Manuskripta kan sendast meg som vedlegg [REDACTED] vil vere ein fordel å få dei i wordformat, slik at eg enklare kan bruke kodingsmetodar på dei.

**Behandling av personopplysingar**

Prosjektet blir meldt til Norsk senter for forskingsdata, og eg vil rette meg etter dei retningslinene og pålegg dei gir. Personopplysningar om ordinandane i talane vil bli anonymiserte. Eg skal ikkje dele eller bruke talane til noko anna enn dette spesifikke prosjektet. Talane, og registrerte personopplysingar, vil bli sletta, når arbeidet er avslutta.

Dersom du har spørsmål om studien kan du kontakte Fredrik Saxegaard ([Fredrik.Saxegaard@mf.no](mailto:Fredrik.Saxegaard@mf.no) tlf. 22590571), eller om det handlar om personvern, personverkontakt Berit Widerøe Hillestad ([Berit.W.Hillestad@mf.no](mailto:Berit.W.Hillestad@mf.no) tlf. 22590595) ved MF.

**Framdrift og fristar**

Målet er å skrive oppgåva i vårsemesteret 2022. Eg bed difor om å få manuskripta tilsendt så snart som råd og seinast innan 20. desember. De vil sjølv sagt få masteroppgåva mi tilsendt, når ho er ferdig og evaluert.

Eg vonar du kan hjelpe meg med dette, og blir svært takksam for eit positivt svar!

Med helsing

## Vurdering

<b>Referansenummer</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
546584	Standard	05.07.2022

**Prosjekttittel**

Avsluttande oppgåve i Erfaringsbasert master i praktisk teologi: Kva er presten som teneste til for

**Behandlingsansvarlig institusjon**

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn

**Prosjektansvarlig**

Fredrik Særegaard

**Student****Prosjektperiode**

15.11.2021 - 31.12.2022

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

Særlege

**Rettslig grunnlag**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Uttrykkelig samtykke (art. 9 nr. 2 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene kan starte så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det rettslige grunnlaget gjelder til 31.12.2022.

[Meldeskjema](#) 

**Kommentar**

Personverntjenester har vurdert endringen registrert 01.07.2022.

Vi har nå registrert 31.12.2022 som ny slutt dato for forskningsperioden.

Vi gjør oppmerksom på at ved ytterligere forlengelser (mer enn 1 år fra prosjektlutt utvalget ble informert om) kan det bli nødvendig å informere utvalget om forlengelsen.

Personverntjenester vil følge opp ved ny slutt dato for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)